



# UNESCO GLOBAL GEOPARK

---

i kommunane  
Hyllestad, Askvoll,  
Fjaler, Solund, Gulen  
og Sunnfjord

---

Forprosjektsrapport til HAFS-Regionråd  
Oktober 2019

Franziska Rüttimann Storemyr

Kvernsteinsparkens skrifter 5

**MUSEA I SOGN OG  
FJORDANE**  
Norsk Kvernsteinsenter

N-6957 Hyllestad  
Tel: +47 458 71 940

[post@kvernstein.no](mailto:post@kvernstein.no)  
[kvernsteinsparken.no](http://kvernsteinsparken.no)  
[facebook.com/Kvernsteinsparken](https://facebook.com/Kvernsteinsparken)

**15. oktober 2019**

ISBN: 978-82-93656-04-3

**Bilete:**

Framsida/baksida: Konglomerat, foto: Per Storemyr

S. 7: Visit Fjordkysten

S. 14: Lihesten, foto: Frode Holst. Teaterfestivalen i Fjaler, foto: Frontlosjen

S. 35: Laukelandsfossen, foto: Monica Johansen. «Land Art» Gulatinget, foto: Per Storemyr

S. 40: Gygrekjeften og Steinkrossen i Korssundet, foto: Per Storemyr. Storehesten, foto: Mathias Råheim

# SAMANDRAG

I tillegg til nasjonalparkar finst det i Europa nesten 1000 andre typar parkar. Dei har ikkje naturvern som sitt føremål, men fungerer som plattform for å ta vare på natur- og kulturverdiar og utvikle samfunnet på ein berekraftig måte. Slike parkar er basert på at fleire kommunar går saman og brukar parkorganisasjonen som utviklingsverktøy. Dette har blitt ein så stor suksess, spesielt knytt til auka reiseliv og produktutvikling (lokalmat osv.), at mange land i Europa støttar parkane sine med offentlege midlar. Dei viktigaste oppgåvene til ein park er:

- **Bygge opp og styrke ein felles identitet i parkområde og auke bustadattraktivitet**
- **Bidra til berekraftig samfunns- og næringsutvikling (reiseliv, landbruk osv.) basert på lokale natur- og kulturverdiar**

Den mest utbreidde parkmodell er Regionalpark-modellen (i utlandet heiter dei ofte naturparkar), i tillegg har UNESCO innført to parkmodellar; UNESCO Global Geopark (etablert i 2015) og UNESCO biosfæreområde (etablert i 1971). I Noreg eksisterer det i dag:

- 9 Regionalparkar (organisert via interesseorganisasjonen Norske Parkar)
- 3 UNESCO Globale Geoparkar og 1 norsk Geopark (Sunnhordland Geopark)
- 1 UNESCO biosfæreområde (Nordhordland)

Dei norske Regionalparkane har i år for første gong komme på statsbudsjettet med 5 mill. og også for 2020 er det satt av det same beløpet. I HAFS-regionen finst Regionalparken «Sognefjorden Kystpark» som vart etablert i 2017 og som no nyt godt av den statlege støtta.

Som forstudien (2018) om UNESCO Geopark i HAFS viser, tyder alt på at HAFS-område kvalifiserer til ein UNESCO Geopark. Føresetnad for å bli UNESCO Geopark er at ein region rår over ein geologisk arv av internasjonal betydning, at det er etablert ein Geopark som har vore i drift i minst eitt år og har ei trygg finansiering i botnen. Fordelen med å bli UNESCO Geopark er moglegheita til å marknadsføre regionen som «UNESCO-region» (UNESCO-varemerket er det mest ettertrakta kvalitetsstampelet for ein reisedestinasjon) og delta i det store internasjonale Geopark-nettverket. Elles gjeld dei same fordelane som for Regionalparkar.

I utlandet er mange parkar både Regional- og Geoparkar. Allereie i forstudien (2018) blei det anbefalt å bygge ein UNESCO Geopark på den eksisterande Regionalparken «Sognefjorden Kystpark» slik at «vår» Geopark vil bli den første i Noreg som er begge delar. Geoparken i HAFS vil vere basert på kommunane som har støtta forprosjektet: Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund og delar av Sunnfjord kommune (den vestlege delen av noverande Gaular kommune). I tillegg tilrå geologane å inkludere delar av Høyanger kommune. Områda må etter UNESCO-krava vere geografisk samanhengande. Dette betyr i praksis at parken kanskje kan realiserast utan ein eller to av randkommunane, men at både Fjaler og Hyllestad må vere med dersom ein UNESCO Geopark skal bli noko av.

Geoparken i HAFS kan i si endelege form etter hovudprosjektet (2024) sjå slik ut:

- Organisasjon: Medlemsbasert lag (med kommunane representert i styret).
- Stillingar: 3 fulle stillingar, pluss prosjektstillingar
- Driftsbudsjett: ca. 3 - 3,5 mill.
- Finansiering: Stat (ca. 0,5 – 1 mill.), fylkeskommune (ca. 0,5 - 1 mill.), kommunane (ca. 1 mill.), sponsor- og prosjektmidlar (0,5 - 1 mill.)
- Oppgåver/tiltak:

*Formidling av natur- og kulturarven (tilrettelegge besøksstader, turar og opplevingsprodukt, skuleprogram, guideutdanning osv.)*

*Samfunns- og næringsutvikling (prosjektsamarbeid med ulike næringsbransjar som reiseliv, landbruk, havbruk/fiskeri osv., produktutvikling, arrangement)*

*Internasjonalt prosjektarbeid og nettverksbygging (reiseliv, geologi, lokalsamfunnsutvikling mm.)*

Vegen for å realisere ein UNESCO Geopark i HAFS kan sjå slik ut:

2020:

- Tilpasse vedtektene og planane til Sognefjorden Kystpark for å kunne bli Geopark
- Førebu hovudprosjekt (detaljert beskriving, søknadsskriving)

2021 - 2023: Hovudprosjekt

- Sende søknad om å bli Norsk Geopark (2021)
- Bygge opp Geoparken
- Skrive søknad til UNESCO (2023)

2024/2025: Vurdering søknad

2026: Svar frå UNESCO om godkjenning

# FØREORD

Forprosjektet «UNESCO Global Geopark i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Sunnfjord» er finansiert av kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Gaular, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Musea i Sogn og Fjordane. Forprosjektet starta 1. februar 2019 og blei avslutta 15. oktober 2019.

Prosjektgruppa bestod av Gunhild Berge Stand (leiar i HAFS-Regionråd), Trude J. Søylen (styreleiar Sognefjorden Kystpark), Per Arne Tveit (sekretær HAFS-Regionråd) og Franziska Rüttimann Storemyr (avdelingsdirektør Norsk Kvernsteinsenter, prosjektleiar).

Prosjektet hadde følgjande samarbeidspartnarar:

- Musea i Sogn og Fjordane/Norsk Kvernsteinsenter (Per Storemyr)
- Sognefjorden Kystpark (Trude Søylen, Kjell Mongstad)
- Åfjordstein (Torbjørn Løland)
- Håvard Mongstad
- Universitetet i Bergen (Haakon Fossen, Øystein Jansen)
- Norges Geologiske Undersøkelse (Tom Heldal)
- Høgskulen på Vestlandet (Deta Gasser)
- Gea Norvegica UNESCO Global Geopark (Kristin Rangnes)
- Sunnfjord Geosenter (Einar Alsaker, Even Vie, Alice Hestad Vie)
- Visit Fjordkysten (Marita Solheim) og Sunnfjord Utvikling (Rolf Sanne-Gundersen)
- Kommunane i HAFS og Gaular kommune, representert ved ordførarar, rådmenn og fleire

Tusen takk for interessante diskusjonar, innspel og kommentarar!

Ein spesiell takk til prosjektgruppa for mange gode møte og diskusjonar og til Frode Holst for den grafiske utforminga av rapporten.

Hyllestad i oktober 2019

**Franziska Rüttimann Storemyr**



# INNHALD



<u>SAMANDRAG</u>	3
<u>FØREORD</u>	5
<u>INNHALD</u>	6
<u>BAKGRUNN, MÅL OG TILTAK I FORPROSJEKTET</u>	8
<u>ORGANISERING OG FINANSIERING AV EIN UNESCO GLOBAL GEOPARK</u>	15
<u>FORMIDLING AV NATUR- OG KULTURARVEN I HAFS-GEOPARK</u>	27
<u>SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING</u>	36
<u>VEGEN VIDARE: HOVUDPROSJEKT</u>	41
<u>VEDLEGG</u>	44





## BAKGRUNN, MÅL OG TILTAK I FORPROSJEKTET

### BAKGRUNN

I 2017 gjennomførte Norsk Kvernsteinsenter på vegne av HAFS Regionråd ein forstudie om etablering av ein UNESCO Global Geopark i HAFS. Det finst i dag 3 UNESCO-ordningar som spesielle landskap/kulturminne kan søkje om å få godkjenning på: Verdsarv, Biosfæreservat og Geopark. Geopark vart innført i 2015 og er den yngste kategorien. Det er ei ordning for landskap av høg internasjonal geologisk interesse som kan oppnå status som UNESCO Global Geopark (UGG). I Noreg er det per dags dato (okt. 2019) 3 UNESCO-Geoparkar og ein Geopark med norsk godkjenning<sup>1</sup>.

Formålet med ein UGG er å vere motor for ei berekraftig utvikling som resulterer i verdiskaping basert på natur- og kulturarven. UNESCO-varemerket er ein garanti for regionen sin unike geologiske arv og kvalitet, og som er spesielt viktig som kvalitetsstempel innan reiseliv.

Forstudien konkluderte med:

- Føresetnaden for ein UGG – ein geologisk arv av høg internasjonal interesse – er i følge fagmiljøa (Norges Geologiske Undersøkelse, andre norske Geoparkar) på plass i HAFS-regionen.
- Ein bør satse på ein UNESCO Global Geopark og ikkje berre på ein Geopark utan UNESCO-godkjenning. Utan UNESCO-varemerke er det tvilsamt å kunne oppnå målet for auka reiseliv.
- Ein UGG må vere godt forankra i lokalsamfunnet (kommuneadministrasjon, politikarar, næringslivet, reiselivsaktørar, skulane, lag osv.).
- Ein må tenke stort frå starten av, ha langtidsfinansiering på plass og ein organisasjon med fleire tilsette for å kunne oppnå måla til ein UGG.
- Ein UGG må møte forventningane til publikum/tilreisande og by på spennande og gjerne spektakulære opplevingar som gjer Geoparken til eit «reason to go»-reisemål.
- Rollene til ulike aktørar som Sognefjorden Kystpark, Friluftsrådet, destinasjonsselskapa osv. i forhold til ein Geopark må avklarast.

HAFS Regionrådet gjorde i starten av 2018 vedtak for å gå vidare med prosjektet:

#### **Samrøystes vedtak:**

*HAFS Regionråd etablerer ei arbeidsgruppe som med bakgrunn i forprosjektet<sup>2</sup> får i oppdrag å arbeide vidare med følgjande spørsmål:*

- *Eigarskap*
- *Organisasjons- og finansieringsform (også finansiering etter hovudprosjektet)*

<sup>1</sup> UNESCO Globale Geoparkar: Gea Norvegica (Vestfold/Telemark), Magma (Rogaland/Vest-Agder), Trollfjell (Trøndelag/Nordland). Norsk Geopark: Sunnhordland Geopark (Hordaland).

<sup>2</sup> Forstudien vart kalla for eit forprosjekt på dåverande tidspunkt.



- *Rolleavklaring til aktørar som Norsk Kvernsteinsenter, Sognefjorden Kystpark, Fjordkysten Friluftsråd, Visit Fjordkysten osv.*
- *Statleg og fylkeskommunal medfinansiering*

*Arbeidsgruppa sin konklusjon vert lagd fram for regionrådet som tek stilling til om ein skal arbeide vidare framover mot realisering av eit hovudprosjekt. Arbeidsgruppa vert samansett av Franziska Rüttimann frå Norsk Kvernsteinsenter, ein representant frå Sognefjorden Kystpark, sekretæren for HAFS Regionråd og leiar i regionrådet Gunhild Berge Stang. Det vert sett av kr. 50.000,- av RUP-midlane for 2018 til gjennomføring av dette arbeidet.*

*Som følge av dette vedtaket avgjorde Regionrådet dessutan å reise på studietur til ein UNESCO Geopark i Italia og ein Biosfærepark i Sveits. Denne studieturen vart gjennomført i september 2018.*

Arbeidsgruppa<sup>3</sup> har arbeidd vidare med dei spørsmåla som vart reist i mandatet, og dei har kome med slike tilrådingar:

*HAFS - Regionråd går vidare i sitt arbeid, ved at det blir starta opp eit eige forprosjekt om å etablere ein UGG i HAFS. Målet med forprosjektet er:*

1. ***Endeleg konklusjon om eigarskap, organisasjons- og finansieringsform til Geoparken.*** *Medan det i forstudien vart skissert moglegheiter og potensiale for ein framtidig UGG i HAFS, vil arbeidsgruppa at det i forprosjektet skal utarbeidast konkrete realiseringsforslag. Eit sentralt krav frå UNESCO si side er at langtidsfinansieringa til ein UGG er sikra. Gjennom forprosjektet skal moglegheitene for dette avklarast.*
2. ***Geoparken skal byggjast på den eksisterande Regionalparken «Sognefjorden Kystpark».*** *Med unntak av Gulen er alle HAFS-kommunane og Gaular kommune medlem i Kystparken. Regionalparkar liknar mykje på Geoparkar gjennom at dei også har som mål å utvikle ein region på ein berekraftig måte, basert på den rike natur- og kulturarven som finst der. Å opprette både ein Regionalpark og ein Geopark i same region er lite meningsfullt, så dei to konseptane bør foreinast – noko som styret / medlemene i Kystparken er positive til. Som døme i Tyskland viser, er det ingen motsetning i at ein park kan vere både Geopark og Regionalpark. Tvert om er det lettare å sikre finansieringa ved å organisere seg slik. I forprosjektet skal det derfor takast utgangspunkt i at Kystparken skal vidareutviklast til ein Geopark.*
3. ***Lage eit konsept for Geoparkens oppbygging og oppgåver og førebu eit hovudprosjekt som leier til ein UNESCO-Geopark i HAFS.***
4. ***Resultata frå forprosjektet skal presenterast for kommunane og fylkeskommunen slik at dei kan ta ei endeleg avgjerd for eller mot satsinga.***

HAFS-Regionrådet følgde arbeidsgruppa sine anbefalingar for å gjennomføre eit forprosjekt. Prosjektet er finansiert av dei 5 HAFS-kommunane (kvar 25 000,-) og Gaular kommune (35 000,-) samd Sogn og Fjordane fylkeskommune (200 000,-)<sup>4</sup>.

<sup>3</sup> Arbeidsgruppa har hatt to roller. I overgangsperioden etter forstudien før forprosjektet skulle gruppa arbeide vidare med finansiering og lobbyering inn mot fylkeskommunale og statlege styresmakter. Så kom framlegget om eit nytt forprosjekt på bordet. Då gjekk gruppa inn i dette arbeidet som ein støttespelar for prosjektleiar.

<sup>4</sup> Prosjektavrekning er i eit eige dokument.

## MÅL

Hovudmålet er å førebu eit hovudprosjekt som viser korleis ein UNESCO Global Geopark kan realiserast i HAFS-regionen. Rapporten frå forprosjektet skal gje grunnlag for dei involverte kommunane (noverande Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll og Gaular) og Sogn og Fjordane fylkeskommune/Vestland fylkeskommune for å ta ei avgjerd for eller mot satsinga. Om aktørane går for ei satsing, skal neste skritt vere eit hovudprosjekt der Geoparken vert realisert.

Delmåla i forprosjektet:

- 1) Utarbeide eit konsept for korleis ein HAFS-UNESCO Global Geopark i si endelege form skal vere organisert, finansiert og driven.
- 2) Utarbeide eit framlegg til hovudprosjekt med finansieringsforslag for å etablere ein UNESCO Global Geopark.

## TILTAK

For å oppnå dei to delmåla skulle det gjennomførast 7 tiltak. Eit sentralt krav frå UNESCO si side er at Geoparken er forankra i lokalsamfunnet, derfor skal ein allereie i forprosjektet, med hjelp av workshops og samlingar, involvere befolkninga slik at idear frå «grasrota» blir ein del av geoparkkonseptet.

### 1) Undersøkingar om oppgåvene og krav til ein UNESCO Geopark – og til ein norsk Geopark

#### Planlagt

I Noreg er det mogleg å få godkjenning som «norsk Geopark»<sup>5</sup> og etterpå søkje om å bli UNESCO Geopark. For å oppnå dette er det viktig å kjenne til alle krav og oppgåver knytt til norsk resp. UNESCO Geopark (t.d. faglege krav, definering av geolokalitetar, framlegg til Geoparksenter, informasjonspunkt osv.) og definere korleis dette kan bli løyst for ein geopark i HAFS-område. Det skal gjennomførast grundige undersøkingar om dette, m.a. gjennom å studere og konsultere andre geoparkar som har gått gjennom same prosessen.

#### Gjennomført

- To UNESCO Geoparkar i Noreg – Gea Norvegica og Magma Geopark – er presentert grundig i forstudien.
- Oversikt over krava til UNESCO Geoparkar generelt er beskrive i avsnittet «Oppgåver til ein UNESCO Global Geopark»
- 19./20.9.2019: Franziska Rüttimann deltok i Geoturisme-seminar på Stord og opning av Sunnhordland Geopark ved Moster Amfi, saman med Håvard Mongstad, representant for Sognefjorden Kystpark.

### 2) Geoparken sin organisasjons- og finansieringsmodell

#### Planlagt

Det finst forskjellige organisasjonsmodellar for Geoparkar (IKS, AS, foreining, stifting osv.). Det skal lagast ei oversikt over alle modellar. Desse skal diskuterast med rådmenn (o.a.) i dei involverte kommunane og med fylkeskommunen. Målet er å finne den løysinga som av alle involverte partar opplevast som den beste.

#### Gjennomført

- Organisasjon og finansiering av alle 3 UNESCO Geoparkar og Sunnhordland Geopark har blitt avklart.

<sup>5</sup> Sjå: [www.ngu.no/emne/norske-geoparker](http://www.ngu.no/emne/norske-geoparker)

- PricewaterhouseCoopers (PwC) i Førde ved advokat Gunnar Bøyum fekk i oppdrag å vurdere ulike organisasjonsmodellar for geopark. Dokumentet danna grunnlag for den vidare diskusjonen innan forprosjektet.
- 24. juni 2019 vart det gjennomført eit rådmannsmøte i Hyllestad. Alle rådmenn frå HAFS-kommunane deltok i møtet. Konklusjonen i møtet var å satse på organisering av parken som eit lag fordi dette ville gjere det enklare å smelte saman UNESCO-initiativet med den eksisterande Kystparken.
- Forslag for organisering (stillingar, oppgåver) og finansiering er i neste kapittel.

### 3) Definere eit utval Geopark-lokalitetar/sites (geologisk og ikkje-geologisk)

Alle Geoparkar må ha fleire «geosites» / geolokalitetar i landskapet der regionen sin natur- og kulturarv vert formidla.

#### Planlagt

I forprosjektet skal ein lage ei liste over eksisterande lokalitetar som kan passe inn i Geoparken og gje ei oversikt over nye Geosites som kan/bør vere med i Geoparken sitt formidlingsopplegg. I kvar kommune skal det gjennomførast ein workshop med representantar frå kommunen (kulturkonsulent e.l.), reiseliv, kultur, lag/organisasjonar der ca. 3 geosites i kvar kommune skal plukkast ut. Det skal samlast idear for formidling (sti, app, tavler, kunst osv.). Dette kan vere eksisterande «sites» som kan oppgraderast eller nye stader.

#### Gjennomført

- Møte 10. mai 2019 i Bergen med det geologiske fagmiljøet: Haakon Fossen (UiB), Øystein Jansen (UiB), Deta Gasser (Høgskulen på Vestlandet), Kristin Rangnes (Gea Norvegica), Tom Heldal (NGU), Even Vie og Håvard Mongstad (Sunnfjord Geosenter), Torbjørn Løland (Åfjordstein), Per Storemyr (Norsk Kvernsteinsenter), Per Arne Tveit (prosjektgruppa).  
Tema: Geoparkgrenser, geolokalitetar, geofagleg rådgjeving generelt for etablering av Geopark
- I alle kommunar unntatt Gulen og Gaular vart det gjennomført eit møte med ulike lokale aktørar som har kunnskap om kommunen sin kultur- og naturarv, reiseliv, turstiar osv. for å få oversikt over aktuelle geolokalitetar. I Gulen meldte det seg ingen deltakarar til den utlyste dato (22.8.). I Gaular blir møtet gjennomført etter at forprosjektet/rapportering er avslutta.
- Ikkje-geologiske lokalitetar: Møta og eigne undersøkingar har ført til ei liste med hundre ikkje-geologiske lokalitetar. Lista er ufullstendig og må betraktast som «work in progress».
- Geologiske lokalitetar: I vedlegg 3 finn ein eit kart over geologiske lokalitetar som heller ikkje er fullstendig. Lista består av 160 stader (fjell, enkelte punkt) i kommunane Askvoll, Fjaler, Gulen, Gaular, Hyllestad, Høyanger og Solund og er først og fremst basert på geologiprojektsrapporten<sup>6</sup>, geoarvdatatabasen til Norges geologiske undersøking, eit ikkje publisert manus frå geologen Tom Heldal<sup>7</sup> samnd innspel frå ulike geologar, m.a. under eit fagleg møte i Bergen den 10. mai 2019.

### 4) Samle idear for forumssamarbeid i Geoparken på tvers av kommunane

Geoparken skal vere ein pådrivar for berekraftig næringsutvikling. For å oppnå dette målet har andre parkar etablert såkalla tematiske «samarbeidsforum» (t.d. om energi, jordbruk, formidling/guiding, reiseliv osv.) som blir styrt av engasjerte innbyggjarar innanfor desse bransjane.

<sup>6</sup> Torbjørn Løland og Tom Heldal (2015): Geologien som verdiskapar. Sluttrapport for HAFS-prosjektet. [kvernsteinsparken.files.wordpress.com/2017/04/geologien-som-verdiskapar-i-hafs.pdf](http://kvernsteinsparken.files.wordpress.com/2017/04/geologien-som-verdiskapar-i-hafs.pdf)

<sup>7</sup> Tom Heldal: Geologien i HAFS. En illustrert veileder. Upublisert manus.

## Planlagt

I forprosjektet skal det samlast idear for moglege forum som t.d. landbruk, reiseliv, lokalmat, akvakultur osv. Det skal samlast personar i heile HAFS med liknande interesser, og det skal utviklast idear for å heve kvalitet, tilbod og inntektsmoglegheiter innanfor bransjane.

## Gjennomført

Arbeidsgruppa kom fram til at for ein Geopark i HAFS vil tema reiseliv, friluftsliv, havbruk/fiskeri, landbruk og kultur vere aktuell for eit forumssamarbeid. Når det gjeld kultur så eksisterer det allereie eit samarbeid mellom ulike kulturaktørar i HAFS som Sognefjorden Kystpark har initiert. Fokuset i forprosjektet vart derfor retta mot reiseliv, friluftsliv, landbruk og havbruk:

- Reiseliv  
Her vil samarbeidet med destinasjonsselskapa og andre reiselivsaktørar vere heilt sentralt.  
Det vart gjennomført:
  - Møte 5.9.2019 med Visit Fjordkysten (Marita Solheim) og Sunnfjord Utvikling (Rolf Sanne Gundersen)
  - Møte 1.10.2019 med Fjord Norge (Kristian Jørgensen) i Bergen
- Friluftsliv
  - Møte med Friluftsrådet 24.9.2019 for å avklare samarbeid om friluftsliv og andre felles oppgåver.
- Havbruk
  - Møte 27.3.2019 med Akvahub (Asbjørn Løland og Hans Haddal)
  - Presentasjon 9.4.2019 for «havbruksgruppa» i Hyllestad Næringsråd
- Landbruk/skjøtsel av kulturlandskap
  - Møte 27.5.2019 om etablering av eit landbruksforum med Hallvard Oppedal (ordførar Gulen), Ole André Klausen (ordførar Askvoll), Kjartan Nyhamar (landbruksansvarleg Solund og Nordhordland), Geir Grytøyra (jordbrukssjef Fjaler/Askvoll), Astrid Sandvik (tidl. landbruksrådgjevar). Fleire var inviterte som ikkje kunne møte.

Elles er det planlagt eit møte med alle næringsutviklingsansvarlege i dei 6 involverte kommunane den 22. oktober 2019 for å diskutere Geopark-prosjektet.

## 5) Utarbeide konsept for HAFS-Geopark – grunnlag for hovudprosjekt

### Planlagt

Med resultat frå punkta 1-4 skal det utarbeidast eit konkret konsept, med handlingsplan, for alle oppgåver/tiltak som er naudsynte for etablering av ein HAFS-Geopark. Dette konseptet skal kvalitetssikrast gjennom eit fagleg råd. Det faglege rådet skal bestå av representantar for institusjonar som den framtidige Geoparken ønskjer å ha som partnarar (sjå punkt 3 nede). Konseptet blir tilpassa etter anbefalingane til det faglege rådet.

### Gjennomført

Konseptet er beskrive i rapporten. Det var ikkje tid til å kalle inn eit fagleg råd, men gjennom alle møte med potensielle samarbeidspartnarar til Geoparken fekk vi mange gode innspel som er inkludert i Geoparkkonseptet.

## 6) Inkludering av kommunestyre/formannskapet i kommunane

### Planlagt

Formannskapa i HAFS-kommunane skal på eit felles møte i starten av 2019 bli orientert om Geopark-ideen og arbeidet. Til dette møtet skal Eivind Brenna, styreleiar i Norske Parkar (overordna organisasjon for alle Regionalparkar i Noreg) og Pål Thjømøe, koordinator for norske geoparkar, inviterast for å orientere.



Etter at punkt 5 er fullført skal alle kommunestyra få presentert det ferdige konseptet og dei skal framleis ha moglegheit til å komme med forbetningsforslag. Det endelege konseptet blir utarbeidd etter at alle kommunestyra har uttala seg.

### **Gjennomført**

- 2. april 2019: Presentasjon av geoparksprosjektet ved formannskapsmøte i HAFS, med Eivind Brenna (styreleiar Norske Parkar), Tom Heldal (NGU) og Franziska Rüttimann
- Presentasjon Geopark for alle kommunestyre i HAFS og for Gaular kommune
- Møte med formannskapa i Fjaler og Solund
- 19.9.2019: Presentasjon av geoparkkonseptet for Regionrådet i HAFS.

På grunn av tidsmangel var det ikkje mogleg å presentere geoparkkonseptet for alle kommunestyra/formannskapa før levering av den endelege rapporten. Planen er å presentere den ferdige rapporten i alle kommunar haust 2019.


## **7) Kartlegge finansiering hovudprosjekt**

### **Planlagt**

Parallelt med arbeidet i punkt 1 – 6 skal det kartleggjast korleis eit 4-årig hovudprosjekt kan finansierast.

### **Gjennomført**

Sjå kapittel om hovudprosjekt.




## ORGANISERING OG FINANSIERING AV EIN UNESCO GLOBAL GEOPARK

### GEOPARKEN SITT OMRÅDE OG SINE GRENSE

Ein UNESCO Geopark får sin legitimitet gjennom den internasjonale betydningsfulle geologiske arven i området. Grensene kan, men må ikkje, samanfalle med kommunegrenser. Området må vere samanhengande og kan ikkje bestå av kommunar som ikkje har felles grenser.

I møte med det geologiske fagmiljøet i Bergen den 10. mai 2019 var alle einig i at den opphavlege tanken å ha med alle 5 HAFS-kommunar pluss delar av Gaular kommune (Kvamshesten) er eit godt utgangspunkt. I tillegg anbefalte prof. Haakon Fossen frå UiB å ta med den vestlege delen av Høyanger kommune (Vadheim – Lavik), slik at t.d. E39 kan vere grensa til Geoparken (sjå vedlegg 1).



Foreløpige grenser til HAFS-Geopark. Skravur-delen er område som evt. blir med i Geoparken.



Ein vidare ide som oppstod i løpet av forprosjektet er å inkludere kontinentalsokkelen langs HAFS-kommunane slik at også delar av havet vil vere del av Geoparken. I kva grad dette kan vere mogleg og ønska må vere del av eit hovudprosjekt.

➔ Geoparken vil omfatte dei 5 HAFS-kommunane og delar av Sunnfjord kommune, evt. delar av Høyanger kommune. Området må vere samanhengande, dvs. ein Geopark utan Fjaler og Hyllestad er praktisk talt umogleg. Dei nøyaktige grenser må forsvarast geologisk, politisk og med tanke på næringslivet (t.d. reiseliv) og må greiast ut i hovudprosjektet.

## **GEOPARKEN SKAL BYGGJAST PÅ DEN EKSISTERANDE REGIONALPARKEN «SOGNEFJORDEN KYSTPARK»**

UNESCO sitt krav for organisasjon av ein Geopark er:

*UNESCO Global Geoparks are managed by a body having legal existence recognized under national legislation. This management body should be appropriately equipped (finances, staff) and should include all relevant local and regional actors and authorities (organigram)<sup>8</sup>.*

I HAFS-regionen finst det ein Regionalpark, Sognefjorden Kystpark<sup>9</sup>. Arbeidsgruppa for Geopark har allereie i forkant av forprosjektet anbefalt å byggje Geoparken på Sognefjorden Kystpark som er organisert som eit lag der alle HAFS-kommunane (unntatt Gulen) er medlem<sup>10</sup>. I og med at Regionalparkar og Geoparkar i stor grad har dei same mål (berekraftig samfunnsutvikling og forvaltning av kultur- og naturarv) og det er mogleg for ein park å ha status som både Regionalpark og Geopark (eller biosfærepark eller verdsarv) er det naturleg å finne ei slik løysing.

I løpet av 2018/2019 skjedde det ei interessant forandring for Regionalparkane: Deira interesseorganisasjon «Norske Parkar» har for første gang fått tildelt statlege midlar (5 mill.) via klima- og miljødepartementet. Desse midlane skal også komme dei enkelte parkane til gode. Sognefjorden Kystpark fekk tildelt 240 000,- som skal brukast for profil- og prosjektarbeid. Også i statsbudsjettet 2020 er det satt av 5 mill. til Norske Parkar. I motsetning til Regionalparkane har Geoparkane ikkje lukkast med statleg støtte endå, dei ligg dessutan under nærings- og fiskeridepartementet, altså eit anna departement enn Regionalparkane. Men også Geoparkane har som mål å få statlege midlar.

I og med at ingen Geopark fram til no har status som Regionalpark, vil Geoparken i HAFS vere første eksempel på ei slik løysing. Det viktige er å utarbeide vedtekter, ein strategi- og handlingsplan for den nye «Kyst-Geoparken» som tilfredsstillar både Regionalparkane og UNESCO sine krav overfor Geoparkar.

➔ Ein HAFS-Geopark bør baserast på den eksisterande Sognefjorden Kystpark som er medlem av Norske Parkar. Føresetnad er at Kystparken tilpassar vedtektene og planane sine slik at ein oppfyller alle krav til både Norske Parkar og UNESCO Globale Geoparkar. HAFS-Geoparken vil då vere den første Geoparken i Noreg som har status som både Geopark og Regionalpark.

<sup>8</sup> [unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/application-process](https://unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/application-process)

<sup>9</sup> I forstudien er det gjort rede for definisjonen av ein Regionalpark og kva forskjellen og likskapen mellom Regionalparkar og Geoparkar er. Som ein ser t.d. i Tyskland kan ein park ha både Regional- og Geoparkstatus og i Noreg er t.d. Nærøfjorden Verdsarvpark både verdsarv og Regionalpark.

<sup>10</sup> Gaular kommune var medlem inntil sommaren 2019, men gjekk ut av parken pga. kommunesamanslåing. Viss Sunnfjord kommune ønskjer å vere ein del av Geoparken, så må dei søkje om medlemskap i Sognefjorden Kystpark.



## DRIFTSMODELL

Parker er organisert på ulike måtar: Som aksjeselskap, IKS (Interkommunalt samarbeid), lag, friluftsråd, klynge eller stifting. Sognefjorden Kystpark er i dag eit medlemsbasert lag der medlemene betalar ulikt:

- Privatpersonar, lag/organisasjonar: 500,-/år
- Bedrifter: 1000,-/år
- Kommunar: 6000,-/år

For å greie ut kva driftsmodell som passar best for ein framtidig HAFS-Geopark, vart PwC (PricewaterhouseCoopers) i Førde ved advokat Gunnar Bøyum bede om å vurdere dei ulike modellane<sup>11</sup>. Vurderinga til PwC vart etterpå diskutert med rådmennene i HAFS.

PwC si tilråding var å satse på anten aksjeselskap eller medlemsstyrt lag. I prinsippet bør ein føretrekke AS som er ein godt kjent modell med trygge og tydelege rammer som er forankra i aksjelova. Kommunane og fylkeskommunen vil ha god styringsmoglegheit viss dei held eit aksjefleirtal. Men dei må også forplikte seg på ein sterkare måte gjennom å skyte inn aksjekapital. Ei ulempe med eit AS er at det ikkje utan vidare kan komme nye aksjeeigarar inni organisasjonen.

Med eit medlemsstyrt lag vil fordelene vere at ein då går for same modell som Kystparken i dag er basert på. Eit lag er ein fleksibel organisasjonsform der det er lett å gjere endringar. Ulempa kan vere at organisasjonen kan oppfattast som mindre tydeleg og trygg som avtalepartner enn eit AS. 24. mai vart det gjennomført eit møte i Hyllestad med alle rådmenn frå HAFS-kommunane for å bli einig om kva modell som vil vere best eigna. Rådmennene kom fram til at organisering som «lag» på noverande tidspunkt vil vere mest fornuftig. Så kan parken vurdere å bli eit AS på eit seinare tidspunkt.

➔ Rådmennene tilrår at parken inn til vidare vert organisert som eit medlemsstyrt lag.

## LAGET SI ORGANISERING: STYRET, ARBEIDSUTVAL, FAGLEG RÅD, ÅRLEG PARKMØTE

Styret er det organet som er ansvarleg for dei langsiktige parkstrategiane. Aktørar som støtter Geoparken med store beløp – t.d. kommunane og fylkeskommunen – bør vere fast representert i styret, t.d. gjennom at kvar kommune og fylkeskommunen har rett til å utnemne ein representant. I tillegg bør styret ha medlemmer som representerer næringslivet, destinasjonsselskapa og andre partnerar.

Viss styret skulle bli ei nokså stor gruppe, kan det vere ein fordel å utnemne eit arbeidsutval (ca. 3 personar) som jobbar tett mot parkleiinga, førebur møte osv. på same måte som eit formannskap jobbar.

For å sikre god kontakt til fagmiljøet, bør det opprettast eit tverrfagleg råd som består av personar med geologisk, botanisk, zoologisk, arkeologisk, kulturhistorisk kompetanse som er knytt til høgskulenettverk/forskingstiljø. Denne gruppa vil fungere som ein ressurs for å kvalitetssikre ulike prosjekt og kan samtidig stimulere eller vere dørøpnar for nye prosjekt innan sine nettverk.

Kvart år skal det arrangerast eit «parkmøte» der alle medlemene og andre interesserte samlast for å gjennomføre årsmøte, få informasjon om parkens gjeremål og planar og for å sette fokus på viktige parktema. I Nærøyfjorden Verdsarvpark er dei årlege parkmøta òg «ein arena for fagleg kunnskapsauke og inspirasjon ut frå tema som er særleg relevante for parksatsinga og partnerane». På denne måten kan parken få viktige innspel frå medlemene sine som ein kan ta med i det vidare arbeid.

<sup>11</sup> Sjå vedlegg 2

➔ Geoparken bør ha eit styre der kommunane og fylkeskommunen er representert (dei utgjør t.d. halvparten av styret). Viss styret blir for stort, tilrår vi å opprette eit arbeidsutval. Vi tilrår også å opprette eit fagleg råd.

## OPPGÅVER TIL EIN UNESCO GLOBAL GEOPARK

Hovudaktivitetane til ein UGG må i følgje UNESCO vere desse<sup>12</sup>:

- **Management-plan:** Geoparken må til ein kvar tid ha ein oppdatert «management»-plan som gjer greie for Geoparken sin misjon, strategiar, utviklings- og handlingsplanar, kommunikasjon, vern, infrastruktur/fasilitetar, økonomi, partnerskap og samarbeid med ulike aktørar.
- **Definere geolokalitetar** (både geologiske og ikkje-geologiske), gjere dei tilgjengeleg, sikre vedlikehald og tilby formidling/oppleving av dei.
- Syte for **god synlegheit** av Geoparken (skilting, tavler, flyers, internett osv.), helst på fleire språk.
- Sikre **god offentlig service** med tanke på informasjon, infrastruktur og fasilitetar. Servicetilbodet skal bidra til berekraftig reiseliv og næringsutvikling generelt.
- **Formidling til ulike målgrupper** (vaksne, familiar, skular, studentar osv.) på ulike flater/med ulike metodar om både geologi og annan type natur- og (immateriell) kulturarv. Formidlinga må vere forståeleg for ikkje-fagpersonar. UNESCO legg stor vekt på at Geoparken har mange innovative og ulike formidlingsprogram.
- **Forsking:** Geoparken bør anten leie eller vere involvert i ulike forskingsprosjekt (geovitskap, naturvern, kulturminnevern).
- **Bidrag innan klimaendring og naturfarar:** Geoparken må dokumentere korleis han er involvert i desse tema (spesielt viktig viss enkelte geolokalitetar er trua av klimaendring/naturfarar).
- Utvikling av **berekraftig reiseliv** (geoturisme<sup>13</sup>)
- Strategiar, tiltak og resultat for **berekraftig utvikling på lokalt nivå:** prosjekt, partnerskapsavtalar, Geopark-varemerke, promotering av lokalprodukt og partnerar gjennom festivalar, markadar, webside, flyers osv.
- **Involvering av lokalsamfunnet:** Geoparken må vise korleis lokalsamfunnet er inkludert i planlegginga og er sikra tilgang og bruk av natur- og kulturarven.
- Internasjonal aktiv deltaking i det **globale, europeiske og nasjonale geoparknettverket**. UNESCO vurderer det internasjonale prosjektsamarbeidet med andre Geoparkar som ein av dei viktigaste oppgåvene til ein Geopark og ein av hovudgrunnane til å bli ein UGG.

<sup>12</sup> Dette er basert på UNESCO sin søknadsskjema for å bli ein UNESCO Global Geopark (utgåve oktober 2018) der ein må gjere greie på alle desse punkta. Søknadsskjema er å finne under [unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/application-process](https://unesco.org/new/en/natural-sciences/environment/earth-sciences/unesco-global-geoparks/application-process)

<sup>13</sup> Sjå definisjon av geoturisme på side 36

- **Aktiv nettverksbygging** med aktørar/partnarar på lokalt, regionalt og internasjonalt nivå (skuler, høgskuler, bedrifter, lag, institusjonar osv.).
- Kwart fjerde år: **Revalidering av Geoparken** gjennom UNESCO. Dette er ein omfattande prosess som krev ein del ressursar. Viss Geoparken får «gult kort», gjeld det å sette i gong tiltak for å rette på «forsømingane» innan ei viss tid.

## OPPGÅVER TIL EIN REGIONALPARK

Sidan Geoparken skal vere basert på Regionalparken «Sognefjorden Kystpark» så skal «vår» park oppfylle kriteria til både Geoparkane og Regionalparkane. Regionalparkane sine oppgåver er i stor grad identiske, men famnar litt breiare og gir litt meir fridom til parkorganisasjonen når det gjeld å definere kva ein vil satse på. Regionalparkane sine oppgåver er:

- **Samarbeid og lokal forankring**
- Regionalparkar skal fungere som ein **samarbeidsplattform** mellom det offentlege, næringslivet og lag/organisasjonar. Dei skal vere regionalt og lokalt forankra.
- **Verdsetting og ivaretaking av natur- og kulturverdiar**
- **Berekraftig verdiskaping** basert på natur- og kulturverdiane  
Parkane er basert på den Europeiske landskapskonvensjonen og skal fremje:
  - Økonomisk verdiskaping (foredling av lokale ressursar, styrking av lokale produkt og tenester)
  - Miljømessig verdiskaping (landskapsskjøtsel, t.d. tiltak mot overgroing av landskap)
  - Sosial verdiskaping (aktiv deltaking og medverknad av lokalsamfunnet)
  - Kulturell verdiskaping (bruk av lokalhistorie, kulturminne, natur- og kulturverdiar innan kunnskaps- og identitetsbygging og formidling)

Trass i at Sognefjorden Kystpark har vore basert på dugnad inntil nyleg, så har ein likevel satt i gang fleire prosjekt:

- **«Alle mann til pumpene»:** Landskapsskjøtsel og villsaudrift som modell for berekraftig samfunns- og næringsutvikling. Prosjektet skal ha eit regionalt og nasjonalt overføringsverdi for korleis ein kan skjøtse eit landskap og forhindre attgroing. Norske Parkar vil bruke prosjektet som eit internasjonalt referanseprosjekt.
- **«Å vøle eit landskap»:** Tverrkommunalt FoU-prosjekt med Bergen arkitektthøgskule som skal bruke same prosjektområde som «Alle mann til pumpene». Under planlegging.
- **«Skippartak»:** Bygningsvernprosjekt som er basert på samarbeidet med Jensbua og Nedre Jølster Bilelag. Målet er å «redde» ein trua trebygning kvart år.

I motsetnad til andre europeiske land finst det i Noreg ingen Geopark som også er Regionalpark. I prinsippet er oppgåvene til ein Regionalpark i stor grad identiske med oppgåvene til ein Geopark. Dessutan står verdiane og prosjekta Sognefjorden Kystpark er basert på i tråd med målsettingane til ein Geopark. Viss ein går vidare med Geoparkprosjektet må dei to parkkonseptane smeltast saman, noko som bør skje i tett samarbeid med Norske Parkar og Geoparkane i Noreg (Norsk komité for geoparker og geoarv<sup>14</sup>).

<sup>14</sup> [facebook.com/groups/Norske.Geoparker](https://www.facebook.com/groups/Norske.Geoparker)

➔ Oppgåvene til ein Geopark og ein Regionalpark stemmer i stor grad overeins. Vår Geopark vil vere den første i Noreg som er medlem i begge nettverk. Det må først ein prosess med begge nettverk for å utarbeide nye vedtekter, strategi- og handlingsplan som tilfredsstillar krava til begge type parkar.

### **EFFEKT OG EFFEKTMÅL: KVA KAN FORVENTAST AV EIN UNESCO GLOBAL GEOPARK?**

I tillegg til dei tradisjonelle nasjonalparkane<sup>15</sup>, finst det no i Europa nesten 1000 parkar som ikkje er nasjonalparkar. Dei fleste er såkalla «regionale naturparkar» («Regionalparkar» i Noreg), 73 er UNESCO Geoparkar, dessutan finst det mange UNESCO biosfæreservat/parkar. Parkmodellen vart innført frå 1950-talet og frametter og viste seg snart som ein stor suksess. I mange land er parkane forankra i den nasjonale lovgjevinga og er i hovudsak finansiert med offentlege midlar. Oppgåvene til parkane er – som nemnt i førre avsnitt – berekraftig utvikling av rurale regionar, bevaring av natur- og kulturverdiar, opplæring/undervisning i miljørelaterte tema, berekraftig reiseliv og friluftsliv. Parkane er gode verktøy for å oppnå måla i den Europeiske landskapskonvensjonen som også Noreg har signert og forplikta seg til å følgje.

Sidan slike parkar har eksistert i mange tiår, er effektane deira tydelege og kan studerast gjennom mange døme. Ei god oversikt over «the benefits» til dei europeiske parkane, finn ein i publikasjonen «Living landscapes» frå 2017, utgitt av Europarcs (paraplyorganisasjonen til dei europeiske regionalparkane) og dei tyske naturparkane sitt forbund<sup>16</sup>.

Eit spennande døme på kva ein «modellpark» kan få til, er UNESCO biosfæreparken i Entlebuch (Sveits) som HAFS-Regionråd besøkte i 2018. Denne parken har eksistert i 16 år og har i dag 10 tilsette. Parken jobbar med næringsutvikling (spesielt reiseliv), produktutvikling (lokalmat, arrangement), forvaltning, formidling og forskning. I løpet av 15 år har parken skapt:

- økonomisk meirverdi som tilsvarar 100 stillingar
- varemerke som har ført til 500 nye produkt (lokalmat o.a.)
- samarbeid med næringsliv og lokalsamfunn gjennom ulike forum
- identitetsløft: I dag er folk (igjen) stolte av å vere frå Entlebuch, og regionen blir oppfatta som ein attraktiv stad å busette seg.

Eit norsk døme for ein «modellpark» er Valdres Natur- og Kulturpark som vart etablert i 2007. Ein stor suksess er etableringa av «Valdres» som varemerke både for regionen som reiselivsdestinasjon og for ulike lokalprodukt. Ei god oversikt over parken sitt arbeid finst i evalueringsrapporten «Videreutvikling av Valdresmodellen» frå 2014<sup>17</sup>.

I forstudien vart også Vega nemnt som døme på korleis ein region på positivt vis kan dra nytte av å få UNESCO verdsarvstatus.

Det er interessant og viktig å sjå kva andre parkar får til, men samstundes er det ikkje slik at det som fungerer for den eine parken også vil fungere for den andre. Kvar park er i ein nokså unik situasjon med tanke på geografi, folketal, natur- og kulturressursar, næringsliv, historie osv., og det gjeld å finne sin eigen «parkversjon».

<sup>15</sup> Mens nasjonalparkar er verna område, er ikkje dette tilfelle for Regional- og Geoparkar. I Regional- og Geoparkar gjeld den same lovgjevinga som elles, men dei forpliktar seg til å utvikle seg på ein berekraftig måte og ta vare på sine natur- og kulturverdiar.

<sup>16</sup> [www.european-parks.org/living-landscapes.pdf](http://www.european-parks.org/living-landscapes.pdf)

<sup>17</sup> [Rapport fra Agderforskning \(VNK\) Videreutvikling av Valdresmodellen.pdf](#)



For «vår» park som skal vere både Regionalpark og UNESCO Global Geopark, forventar vi desse effektane:

- **Styrking og utvikling av lokalsamfunnet:**

- Styrking av felles identitet i Geoparkområdet, auka stoltheit av «vår» region
- Betring av omdømme for regionen
- Auking av bustadattraktivitet
- Betring av folkehelsa

Målbart gjennom:

- vekst i tal medlemer i Geoparken
- tal prosjekt med lokale samarbeidspartnarar (ikkje-kommersielle og kommersielle)
- tal gjennomførte skuleprogram
- tal utstillingar
- tal arrangement der Geoparken er involvert
- tal tilrettelagde turar i nærmiljøet
- tal arrangement/tiltak for å motivere til friluftsliv

- folketalsvekst i Geopark-kommunane (avhengig av fleire faktorar enn Geoparken)
- vekst i tal arbeidsplassar (avhengig av fleire faktorar enn Geoparken)

- **Utvikling av regionen til eit attraktivt, berekraftig reisemål**

Målbart gjennom:

- sertifisering som «berekraftig reisemål»
- vekst i tal partnarar innan reiseliv
- tal geolokalitetar og løyper som vert lagt til rette, og bruken av dei
- tal infopunkt (besøkscenter, episentra osv.) som vert lagt til rette, og bruken av dei
- sertifiseringssystem for guidar
- tal utdanna guidar
- tal gjennomførte guideturar for grupper
- vekst i tal besøk på Geopark-websida og tal følgjarar på Geoparken si fb-side
- samarbeidsprosjekt med andre UNESCO-stader

- vekst i tal overnattingar i Geoparkens område (avhengig av fleire faktorar enn Geoparken)
- vekst i besøkstal for utvalde partnarar (avhengig av fleire faktorar enn Geoparken)
- vekst i tal arbeidsplassar innan reiseliv og vekst i omsetting hos reiselivspartnarar (avhengig av fleire faktorar enn Geoparken)

- **Berekraftig næringsutvikling generelt**

Målbart gjennom:

- tal partnarar innan ulike næringslivbransjar
- tal prosjekt, prosjektpartnarskap og prosjektmidlar som vert generert av geoparken over ei viss tid
- sponsormidlar som geoparken klarer å skaffe kvart år
- tal skuleklasser som besøkjer bedrifter for å bli kjent med næringa og for at næringa kan rekruttere ungdom (organisert av geoparken)
- tal deltakarar i Geofood-prosjektet (dette prosjektet kan ikkje bli starta før ein har blitt UNESCO Geopark)
- vekst i tal arbeidsplassar i regionen (avhengig av fleire faktorar enn Geoparken)

## STILLINGAR

Frå UNESCO si side er kravet til organisasjonen at det finst tilsette, at minst ein av dei er geovitar (eller at ein har dagleg tilgang til nokon med geovitskapleg kompetanse) og at Geoparken er opptatt av likestilling og kjønnsbalanse på alle nivå.

Når ein ser til europeiske parkar med statleg støtte, som t.d. modellparken Biosphäre Entlebuch i Sveits – så har mange rundt 10 tilsette. Dette betyr at parkane kan levere på høgt nivå, leie mange prosjekt og vere svært synleg for lokalsamfunnet. Jo færre stillingar ein park har, jo mindre blir oppnådd og jo meir sårbart blir parken pga. at arbeidet er avhengig av innsatsen til ein eller få personar. Eksempel frå norske Geoparkar (Gea Norvegica, Magma, Trollfjell) visar at 3 stillingar er eit minimum som bør vere på plass for at Geoparken klarer å utføre alle pålagde oppgåver på ein god måte.

Konkret kan dette sjå ut slik:

Faste stillingar (100%)

### 1) Leiging

- overordna ansvar for drift, økonomi, personale
- utarbeide strategi- og handlingsplanar
- Geopark- og Regionalparknettverkssamarbeid, nettverksbygging
- Initiering av forskingsprosjekt og prosjekt generelt
- Sponsoring/Fundraising

### 2) Formidling / Forvaltning og utvikling av geolokalitetar

- Utvikle og vedlikehalde geolokalitetar
- Formidling i terrenget (tavler, audiotilbod, apper) og til ulike målgrupper (skuler osv.)
- Utvikling og vedlikehald av besøkssenteret og infopoints (utstillingar osv.)
- Ansvar for guide-utdanningsprogram, koordinering av eit guideteam
- Utvikling og vedlikehald av Geoparkens synlegheit, infrastruktur, service-tilbod

Alle desse oppgåvene må skje i tett samarbeid med destinasjonsselskapa og andre lokale aktørar/partnarar samt med profesjonelle designarar og utviklarar av slike typar tilbod.

### 3) Berekraftig samfunns- og næringsutvikling

- Bygge opp eit nettverk av partnarar og kartlegge deira behov
- Bygge opp eit Geopark-varemerke og hjelpe lokale aktørar/bedrifter med produktutvikling og merkevarebygging
- Utvikle reiselivsprosjekt i tett samarbeid med destinasjonsselskapa og andre reiselivsaktørar
- Utvikle forumssamarbeid for interesserte bransjar basert på berekraftige prinsipp (t.d. innan landbruk, havbruk/fiskeri osv.)
- Kommunikasjon og marknadsføring av Geoparken generelt (website, promotering, mediearbeid)

Utover desse sentrale stillingane vil det vere ein fordel med ein

### 4) Assistent (evt. deltidstilling)

- Vert i Geopark-besøkssenteret
- Administrative oppgåver, evt. rekneskapsarbeid
- Assistanse ved arrangement, booking mm

Dessutan kan ein til ein kvar tid opprette prosjektstillingar relatert til internasjonale eller nasjonale Geopark- og forskingsprosjekt.

Tenester som Geoparken kan kjøpe inn:

- IT, rekneskap
- Kreativ utforming/design: grafisk design, utstillingsdesign (både i terrenget og i besøkssenteret/ ved indoor-infostasjoner)

## **SAMARBEIDSPARTNARAR**

Geo- og Regionalparkar sitt arbeid er kjenneteikna av å samarbeide med eit stort tal ulike aktørar. Parkane kan leie eller delta i prosjekt eller hjelpe med at andre kan opprette prosjekt.

For ein Geopark i HAFS vil det vere nokon hovudsamarbeidspartnarar som ein bør inngå avtalar med:

### **Destinasjonsselskapa Visit Fjordkysten, Sunnfjord Utvikling og Visit Sognefjord**

Destinasjonsselskapa Visit Fjordkysten og Sunnfjord Utvikling er svært positive til etablering av ein UNESCO Global Geopark og er interessert i eit samarbeid. Både Geoparken og selskapa har som mål å auke reiselivet, begge reiselivsselskap rår over få ressursar og ville dra nytte av ein partner som jobbar mot dei same måla som dei. Viss Høyanger kommune blir ein del av Geoparken, vil også Visit Sognefjord vere ein viktig samarbeidspartnar. Dette opnar for meir organisert samarbeid mellom UNESCO-verdsarvstadene og UNESCO Geoparken (UNESCO-rute). Det sentrale punktet må vere at Geoparken og destinasjonsselskapa utfyller kvarandre og ikkje konkurrerer mot kvarandre. Det kan tenkjast at Geoparken og Fjordkysten ein gong i framtida til og med vil fusjonere, men på noverande tidspunkt er dette ikkje aktuelt, m.a. fordi Fjordkysten og Geoparken ikkje har felles grenser. Det mest fornuftige vil derfor vere å inngå samarbeidsavtaler med alle involverte destinasjonsselskap. Sognefjorden Kystpark har allereie inngått ein partnarskapsavtale med Visit Fjordkysten.

I eit møte med Geopark-prosjektgruppa, Visit Fjordkysten og Sunnfjord Utvikling den 5.9.2019 identifiserte vi desse område som Geoparken sitt moglege arbeidsfelt:

- Tilrettelegging av infrastruktur: Parkering, skilting, turstiar
- Tilrettelegging av IKON-attraksjonane (Lihesten, Brurastakken, Alden osv.)
- Infopoints i alle kommunar med lita utstilling og info om parken (på butikkar, hotell osv.)
- Kartlegge dei gode forteljningane som kan bli brukt av guidar/i audio-tilbod/for løyper om kultur- og naturarven
- Guideutdanning med sertifisering
- Hjelp reiselivsaktørane med å utvikle opplevingar/aktivitetar for publikum
- Vidareføre sykkelprosjekt: Tilrettelegge for endå fleire sykkelruter og sykkelutleige
- Fisking i ferskvatn: Oversikt over moglegheitene/stader
- Sertifisering som berekraftig reisemål (program via Innovasjon Norge): Både Visit Sunnfjord og Visit Fjordkysten har dette som mål. Geoparken kan hjelpe til.



Innovasjon Norge sitt varemerke for sertifiserte berekraftige reisemål.

Alt dette vil løfte reiselivet i Geopark-kommunane utan at det fører til «doble løp» mellom Geoparken og destinasjonsselskapa.

## Fjordane Friluftsråd (FL)

Friluftsråda i Noreg jobbar for å legge til rette for friluftsliv og betre folkehelse. Alle skal ha glede av å vere i naturen. Dette skjer gjennom tilrettelegging av tuområde, evt. forvalte og drifte tuområde, strandrydding, skjergardsteneste, friluftsskular (fritidstilbod) og uteaktivitetar for skular, barnehagar osv. Fjordane Friluftsråd vart oppretta i 2017 og består av kommunane Solund, Askvoll, Flora, Vågsøy og Bremanger. Dette betyr at Geoparken vil kunne samarbeide med FL om Solund og Askvoll. FL og (geo)parkar har mange felles interesser:

- Tilrettelegging av turstiar, padleruter, sykkelruter, båtruter osv.
- Skilting: Samordne skiltplanar, ha felles mal
- Marin forsøpling/strandrydding
- Formidling gjennom friluftsskular, annan type formidling
- Guiding: Definere kva guidane må ha av basiskunnskap om å ferdast i naturen

Det finst gode eksempel på korleis eit Friluftsråd og ein Regionalpark kan samarbeide (Valdres). Parken er gjerne den som set i gang eit prosjekt og så engasjerer Friluftsrådet som prosjektleiar. Sognefjorden Kystpark og FL er allereie i gang med eit felles prosjekt i Askvoll (skjøtselsplan på Tvibyrgje). Fjordane Friluftsråd er positiv til eit samarbeid med Kystparken og ein framtidig Geopark fordi ein jobbar mot felles mål og får meir til i fellesskap.

## Moglege prosjektpartnerar i regionen (ufullstendig liste)

Regionale aktørar

Askvoll: Sjøfuglsenteret, Sunnfjord Geosenter, Visit Askvoll

Fjaler: Jensbua, Jakob Sande-Senteret

Gulen: Gulatinget

Hyllestad: Norsk Kvernsteinsenter

Solund: Norsk Kystkulturakademi

Sunnfjord: Må avklarast

Generelt: Bedrifter, lag, organisasjonar

Offentlege etatar: Kommunane, fylkeskommunen, fylkesmann

Høgskular, forskingsmiljø: Univ. i Bergen, Høgskulen på Vestlandet, Norges Geologiske Undersøkelse, Distriktssenteret osv.

Andre Geo- og Regionalparkar i Noreg og utlandet

## DRIFTSBUDSJETT OG FINANSIERING AV GEOPARKEN ETTER HOVUDPROSJEKTET (CA. 2024)

Viss ein tar utgangspunkt i at Geoparken skal ha 3 faste fulltidsstillingar med dei oppgåvene som er skissert oppe, så bør driftsbudsjettet ligge på ca. 3,5 mill. Dette er i samsvar med Magma Geopark sitt budsjett 2019 med ca. 3,3 mill. driftsinntekt og 1,5 mill. lønnsmidlar. Forslag for budsjett er i siste kapittel om hovudprosjektet.

Ein godt fungerande UNESCO Geopark er avhengig av ei solid og trygg grunnfinansiering. Den vanlege modellen for ikkje-kommersielle institusjonar er ofte eit spleiselag mellom stat, fylkeskommune og kommunar, og dette vil også vere aktuelt for ein Geopark. Utan ein økonomisk tryggleik i botnen vil ein park vere avhengig av å jakte etter prosjektmidlar heile tida – med all usikkerheit dette medfører og utan å kunne halde fokus på dei oppgåvene ein gjerne vil. Prosjektmidlar er viktige som eit supplement i tillegg til driftsbudsjettet men bør ikkje vere fundamentet



som parken står på. I tillegg til offentlege midlar kan Geoparkar nytte seg av sponsoravtalar<sup>18</sup> og fundraising, noko som forutset eit godt samarbeid med større næringslivsaktørar som støttar opp om parkens verdiar. Vegen mot ein Geopark vil vere å først gjennomføre eit hovudprosjekt (2020 – 2023) og så gå over til vanleg drift frå 2024 av. Det betyr at ein i dag må vurdere sjansane for offentlig finansiering i 2024 og tenkje på ulike variantar:

Finansiering	Variant A UGG med god offentleg støtte	Variant B UGG med lite offentleg støtte	Variant C UGG utan statleg støtte
Stat	1 000 000	500 000	0
Fylkeskommune	500 000	250 000	0
7 kommunar (kvar 200 000,-)	1 400 000	1 400 000	1 400 000
Sponsing (faste sponsoravtalar)	250 000	250 000	250 000
Prosjektmidlar	250 000	250 000	250 000
<b>Total</b>	<b>3 400 000</b>	<b>2 650 000</b>	<b>1 900 000</b>

Under føresetnad at Geoparken byggjar på Sognefjorden Kystpark, så vil variant A eller B vere den mest sannsynlege varianten. I og med at både Regionalparkar og Geoparkar jobbar for statleg finansiering og Regionalparkane allereie har fått midlar for 2019 og 2020, står sjansane godt for at Regionalparkane og kanskje også Geoparkane vil kunne nytte godt av statlege midlar i 2024.

Kommunane sitt årlege bidrag bør i snitt vere på ca. 200 000,- etter at hovudprosjektet er avslutta. Dette vil vere i samsvar med støtta andre institusjonar på same storleiken får. Når det gjeld fordeling av kostnader mellom kommunane, kan vi tenkje oss at ytterpunktene er fordeling etter folketal eller likt tilskot frå alle kommunar. Argumentet for lik fordeling er at parken sine aktivitetar i kommunane ikkje vil kunne differensierast etter folketal. Dermed vil dei minste kommunane få mest parkaktivitet pr. innbyggjar. Motsett vil ei folketalsbasert finansiering medføre at dei som har størst finansieringsevne, også betaler mest. I tillegg må ein kanskje også differensiere for dei som berre har delar av kommunen sitt areal inne i geoparken, og for den kommunen som blir vertskommune for administrasjonssenteret. Kommunetilskotet bør fastsettast i ein eigen gjensidig avtale mellom kommunane.

Det bør vere eit mål å inngå også med Vestland fylkeskommune ein permanent avtale for driftsstøtte. I eit møte med Sogn og Fjordane fylkeskommune (Jan Heggheim og Eva Moberg) den 30.9.2019 vart prosjektgruppa oppfordra å sende rapporten og ein søknad for støtte til hovudprosjektet til nye Vestland fylkeskommune.

➔ Etter hovudprosjektet treng Geoparken eit driftsbudsjett på ca. 3,5 mill. årleg. Finansieringa bør vere delt mellom staten, fylkeskommunen, kommunane, sponsormidlar og prosjektmidlar.

<sup>18</sup> Geoparkar kan motta sponsormidlar av alle type næringer unntatt gruveindustrien (inform. frå Pål Thjømøe, dagleg leiar i Magma UNESCO Global Geopark).

## PLASSERING AV BESØKSSENTER OG FORVALTINGA

Alle Geoparkar må ha eit «besøkscenter» der minstekrava er at senteret er bemanna, informerer om Geoparken og formidlar om både UNESCO Globale Geoparkar og den spesifikke geologiske arven i regionen. Geoparkforvaltinga og besøkscenteret bør ideelt sett vere på same plass for å sikre kompetent bemanning av senteret.

I første omgang bør eit besøkscenter opprettast i eksisterande bygningsmasse. Senteret bør seinast vere i drift i det siste hovudprosjektsåret. Når det gjeld stad for besøkscenteret/forvalting, er det fleire kriterium som tel:

- Sentralitet: Avstand frå hovudferdslesårer og i forhold til Geoparken sitt område.
- Nærleik til anna fagmiljø (spesielt Visit Fjordkysten, Kvernsteinsenter, Friluftsråd, Kystkulturakademi, Jensbua osv.)
- Eksisterande bygningsmasse som er eigna for å huse både senter og forvalting

Når det gjeld forvaltingsorganisering så kan ein også tenkje ulike modellar:

- Fullt ut samlokalisert forvalting
- Delvis desentralisert forvalting der stillingar kan vere knytt til andre fagmiljø i regionen.

Å velje eit komplett desentralisert modell vil ikkje vere ideelt med tanke på samarbeid og samansveising av stillingane. Men at ei stilling er plassert ein annan stad der det eksisterer eit fagmiljø ein kan dra nytte av, samtidig som ein har gode ordningar med t.d. ein felles møte- og jobbdag kvar veke, kan vere ein brukbar modell. Både plassering og forvaltingsmodell bør vere gjenstand for forhandlingar i den vidare prosessen.

## GEOPARKEN SITT NAMN

Det er viktig at Geoparken får eit godt namn som oppfyller desse kriteria:

- Namnet må kunne fungere slik at «UNESCO Global Geopark» kan hengjast på: Magma UNESCO Global Geopark/ Trollfjell UNESCO Global Geopark osv.
- Namnet må kunne fungere både på norsk og engelsk
- Namnet bør vise til den geografiske plassering av Geoparken (anbefaling frå dei norske Geoparkane)
- Namnet bør ha gode effektar for marknadsføringa
- Alle kommunar i Geoparken må kunne identifisere seg med namnet.

Eit mogleg namn som vart diskutert i løpet av forprosjektet er «Fjordkysten Geopark» som ville oppfyller alle nemnde krav og i tillegg ha fordelen at destinasjonsselskapet allereie går under same namnet.

Det vil vere lurt å bruke litt tid på å komme fram til det beste namnet og – viss det er behov – føre ein prosess med eit profesjonelt firma om det.

## FORMIDLING AV NATUR- OG KULTURARVEN I HAFS-GEOPARK

Formidling av natur- og kulturarven er ei av hovudoppgåvene til ein Geopark. Kravet frå UNESCO si side er eit besøkssenter og eit størst mogeleg tal geolokalitetar som tilreisande, lokalsamfunnet osv. kan besøkje for å oppleve og forstå landskapet, historia osv. Geoparken må vere synleg i heile regionen gjennom ulike tiltak og på ulike nivå. Dessutan skal Geoparken tilby eller syte for formidling for ulike målgrupper med hjelp av guide og fagpersonar. Ein del av desse oppgåvene må vere løyst eller påbegynt i løpet av hovudprosjektet. Det følgjar ei oversikt over korleis denne formidlinga kan bli løyst for «vår» Geopark. Informasjonshierarkiet ser slik ut:



### BESØKSSENTER

UNESCO krev at ein Geopark har ein bemanna stad der besøkjande får relevant informasjon om kva Geoparkar er og kva dei kan oppleve i denne spesifikke parken.

Løysingsforslaget for HAFS er å samlokalisere Geoparkforvaltinga med eit besøkssenter slik at senteret er opent i kontortida og kan betenast av dei tilsette. For å unngå store kostnader bør ein bruke eit eksisterande bygg som oppfyller krava som blei nemnt i avsnittet om besøkssenter og forvalting. Senteret bør bestå av:

- Resepsjon
- Turistinformasjonsdel (brosjyrar, kart, evt. internett-stasjon)
- Permanent utstilling om UNESCO Globale Geoparkar (minst 20 m2).
- Permanent utstilling om HAFS-Geopark (minst 20 m2).
- Vekslande utstilling om geoparkrelatert tema (klima, miljø, naturressursar, dyr, plantar, hav, energi osv.)



<sup>19</sup> Eit episenter er det punktet på jordoverflaten som ligg rett over eit jordskjelvsutgangspunkt. Episenter i Geopark betyr ein stad som er utgangspunkt for å utforske Geoparken.

(minst 20 m<sup>2</sup>). Slike utstillingar kan ein ta over frå andre museum/institusjonar eller lage sjølv. Det er mogleg at skuleklasser kan lage utstillingar. Utstillingane kan sirkulere i kommunane.

- Evt. geolaboratorium for eksperiment, demonstrasjonar osv.
- Sittehjørne med nokon bord og stolar, evt. liten kafé

Utforming og nøyaktig innhald av senteret vil bli bestemt i hovudprosjektet.

## EPISENTER

I tillegg til besøkssenteret skal det i alle kommunar vere fleire «episenter» som ikkje treng å vere bemanna. Episenteret bør vere kopla opp mot eit kommunesentrum, grendesentrum eller anna eksisterande møteplass. Som for besøkssenteret er formålet med episentra at dei informerer om kva Geoparken er og kva ein kan oppleve.

Det sentrale er at nokon får ansvar å halde kontinuerleg tilsyn med episentra for å vedlikehalde dei. Derfor bør dei anten vere integrert i ein butikk, hotell, turistinformasjon e.l. med gode opningstider gjennom heile sommaren. Episenteret kan også plasserast ute under tak på ein sentral stad der det kanskje allereie er informasjonstavler frå før av. Ved ei slik løysing er det viktig å sikre at t.d. kommunen eller eit lag tar det på seg å ha tilsyn regelmessig.



Eksempel på mogleg episenter

Fotoillustrasjon: Frode Holst

### Moglege stader for episenter:

ASKVOLL	FJALER	GULEN	HYLLESTAD	SOLUND	SUNNFJORD
Askvoll sentrum	Dale	Eivindvik	Hyllestad	Hardbakke	Bringeland
Værlandet-Bulandet	Flekke	Dalsøyra	Sørbøvåg	Ytre Sula	Bygstad
Stongfjorden	Hellevik	Oppedal	Leirvik		Sande
Holmedal	Korssundet	Skjerjehamn			
	Guddal	Byrknes			

## INFOSTASJONAR LANGS VEGEN

For at Geoparken skal bli så synleg som mogleg skal det setjast opp «info-stasjonar» langs riks- og fylkesveger. Ved eksisterande rasteplassar langs vegane kunne det stå ei tavle som fortel om Geoparken og noko spesifikt ein ser på denne staden (natur- eller anna fenomen). Statens Vegvesen må tidleg involverast i arbeidet med å finne fram til trafikksikre informasjonspunkt.



Eksempel på mogleg infostasjon

Fotoillustrasjon: Frode Holst

## GEOLOKALITETAR

UNESCO krev ei oversikt over geologiske og ikkje-geologiske lokalitetar, så kalla «geosites» - altså alle stader i Geoparken der ein kan sjå noko interessant innan geologi, plante- og dyreliv, kulturhistorie osv. Desse lokalitetane må rangerast etter sin internasjonale, nasjonale, regionale og lokale betydning. Geoparken bør spesielt gjere tilgjengeleg lokalitetane som er av nasjonal og internasjonal verdi og må ha ein plan for korleis geolokalitetane skal formidlast.

### Geologiske lokalitetar

Som del av forprosjektet har det blitt starta opp ein database der moglege geologiske «sites» er oppført og beskrivne. Vedlegg 3 viser eit kart over dei geologiske lokalitetane. Pr. dags dato er det 160 lokalitetar i databasen. Regionen har allereie blitt undersøkt forholdsvis grundig av ulike geologar (t.d. i samband med Geologiprojektet) og det eksisterer skildringar og forslag for ulike geolokalitetar og geoløyper. Lokalitetane omfattar både geologiske fenomen, uttak av naturressursar (steinbrot, gruver) og produksjonsstader (skiferdrift, teglverksdrift).

I eit hovudprosjekt må det likevel brukast ein del ressursar for å kvalitetssikre forslaga som eksisterer (nye synfaringar), finne fleire gode lokalitetar langs eksisterande bilvegar, turstiar eller langs kysten (punkt som er synleg frå båt) og for å lage ein plan for deira formidling (ønskeleg er universell utforming så langt det let seg gjere).

### Ikkje-geologiske lokalitetar

For dei ikkje-geologiske lokalitetane vart det gjennomført lokale møte i kommunane Askvoll, Hyllestad, Fjaler og Solund. Deltakarane hadde kunnskap om turstiar, kulturminne, til dels geologi, reiseliv osv. i sin kommune. I møtet gjekk vi gjennom alle grendene/område/øyer i kommunen for å samle inn flest moglege interessante stader. Det viste seg at det er mykje interessant i regionen men at det ikkje er så lett for turistar å finne fram (skilt, info på nettet) og at formidlinga på staden kan forbeistrast. Dei fleste stadene må dessutan kunne fungere utan bemanning. Der dette ikkje er mogleg, kan dei vere aktuelle for guideformidling. Pr. dags dato består lista av 100 ikkje-geologiske stader (alt frå vernede og verneverdige hus, krigsminner, handelsplasser, bygdemuseum, naturreservat, fossar osv.).



### Tilrettelegge «ikonane» gjennom ikon-portalar

Dei viktigaste fjelltoppane som Lihesten, Brurastakken, Alden, Kvamshesten osv. får status som «ikon» og får alle ein besøksportal der ein startar turen frå. «Besøksportal» betyr parkering og eit lite bygg med kart, info og interaktive stasjonar. Langs vegen kan det vere aktuelt med info som ein kan få via mobilen eller tavler. På toppen bør det stå ei panoramatavle som forklarar kva ein ser.

### Tilrettelegge geolokalitetane/besøkspunkt

I hovudprosjektet må det lagast ein plan for kva geolokalitetar/besøkspunkt ein vil satse på og legge til rette. Dette må skje i tett samarbeid med grunneigarar, lokale lag, kommunen og evt. fleire involverte aktørar.



Eksempel på mogleg besøksportal

Fotoillustrasjon: Frode Holst

## OPPLEVINGSTILBOD I GEOPARKEN

Å identifisere geolokalitetar er det første skrittet, det neste skrittet er å skape opplevingar av dei ulike stadene. Forsking viser at reisande ønskjer å oppleve noko som gjer livet deira rikare, og at dei er på leiting etter «magiske augneblink». Forskar Susanne H. G. Poulsson<sup>20</sup> har identifisert 7 faktorar som bidrar til framifrå opplevingar:

1. Det sosiale: Moglegheit å oppleve noko i fellesskap, dele ei oppleving
2. Involvere fleire sansar (kropp, lukt, smak, lyd, syn – og intellekt): Wellness, historie, vakkert landskap, god mat...
3. Nyheitsverdi: Deltakaren opplever noko som er nytt for han/ho (mat, musikk, kunst, historie, dyr, aktivitet, sport, teknologi, kunnskap osv.)
4. Utfordringar: Moglegheit for å løyse oppgåver som deltakaren opplever som krevjande men mogleg å løyse (klatretur, padling, overnatting i hengekøyr osv.)
5. Deltaking og interaksjon: Deltakaren er med på å skape og påverke opplevinga gjennom interaksjon
6. Spenning og overrasking
7. Historieforteljing og dramaturgi: Ein plott, ulike karakterar, dramatisk innpakning osv. aukar opplevingsverdien ved formidling av historiske hendingar og fakta

Som Poulsson understrekar, er det ikkje naudsynt at alle faktorar er på plass ved ei oppleving men minst ein eller fleire bør vere med. For at Geoparken skal bli til eit «opplevingsparadis» er det viktig at geolokalitetane blir formidla gjennom produkt som oppfyller dei nemnde krava i mest mogleg grad. Geoparken sitt arbeidsfelt vil vere å hjelpe partnarane i reiselivsbransjen, men også innan t.d. landbruk, havbruk, fiskeri og energi, med å skape gode opplevingsprodukt – i tett samarbeid med destinasjonsselskapa. Geoparken sjølv kan også utvikle og tilby eigne opplevingar.

<sup>20</sup> [forskning.no/slik-skapes-opplevelser-i-stjerneklasse](https://forskning.no/slik-skapes-opplevelser-i-stjerneklasse) Doktorgradsarbeidet finst her [web.bi.no/forskning/Poulsson.pdf](https://web.bi.no/forskning/Poulsson.pdf)



I «vår» Geopark kan det vere aktuelt med desse opplevingstilboda:

### Kunst-/fotoutstillingar ute

Her er det viktig å samarbeide med galleri, lokale kunstnarar, kunstlag, kunstmuseum osv.

«Vatnajökull» utandørs utstilling,  
Jokulsárlon, Iceland.

Av fotograf Ragnar Sigurdsson



### Sanseløype

Dette kan vere «klangløyper», løyper der ein må kjenne på ting, der ein går utan å sjå, går berrføtt, må lukte osv.

Eks.: Klangsti i Toggenburg (Sveits)  
– ei oppleving for øyrene<sup>21</sup>

Foto: meintoggenburg.ch



### Naturløype for familiar

Eks. «Fabelaktig kvittring» -  
naturløype i Biosfære Entlebuch  
(Sveits)



<sup>21</sup> [meintoggenburg.ch/aktivitaeten/wanderungen-im-toggenburg/wanderung-klangweg](http://meintoggenburg.ch/aktivitaeten/wanderungen-im-toggenburg/wanderung-klangweg)

### Skattejakt / mysterieløysing med hjelp av mobilen

Med hjelp av mobilen beveger deltakarane seg frå stasjon til stasjon der ein må løyse oppgåver for å komme vidare.

Eks.: CityHunt – Det store kuppet (tilbod i Bergen: [cityhunt.no](http://cityhunt.no))

Foto: Fredrik Bedsvaag



### Historieløyper/kulturvandringssløyper

Visit Fjordkysten har i kvar kommune utvikla ei eller fleire kulturvandringar som bør evaluerast og evt. marknadsførast endå betre. Dessutan kan nye lokalitetar formidlast med hjelp av tavler eller med hjelp av mobilteknologi der det finst eit stort tal moglegheiter.



### Tursti-oppgradering, klatre- og hinderløyper, via Ferrata osv.:

I alle kommunar bør det vere «låg terskel»-turar (grøn gradering) som er attraktiv og enkle å gå både for turistar og lokale som ikkje vil eller kan gå meir krevjande turar. Eit flott eksempel på ein slik tursti er løypa opp til Einingsfjellet i Fjaler. Geoparken kan i samarbeid med Friluftsrådet og lokale lag avklare behova og hjelpe til med utføring av tiltaka. Samtidig er det viktig å også ha eit variert tilbod for målgrupper som ønskjer å gå meir utfordrande løyper. Her bør eksisterande løyper og tilbod evaluerast, evt. oppgraderast og marknadsførast. Moglegheiter for fleire tilbod må undersøkjast. På bilete er det eit eksempel frå Sveits der du må absolvare ei lita hinderløype så raskt som mogleg. Denne løypa er del av ein større leikeplass og skal bidra til betre folkehelse.





### Sykling, padling, riding

Miljøvenlege måtar å reise på bør vere eit satsingsområde i Geoparken, og ein må samarbeide med destinasjons-selskapa, Friluftsrådet, reiselivsaktørar osv. for å utvikle dei beste tilboda.

*Foto: Sverre Hjørnevik*



### Fuglekikking

Tilrettelegging for fuglekikking på utvalde plassar. Norsk Sjøfuglsenter har saman med Fylkesmannen utarbeidd ein eigen «besøksstrategi» for fuglereservata langs kysten, og tilbod bør utviklast i samarbeid med dei.

*Foto: RhinoMind*



### Dagsturhyttene

Dei bør kopløst opp til Geoparken og eventuelle nye løyper. Også for turistar vil Dagsturhyttene vere attraktive turmål.

Nyckshytta – dagsturhytta i Askvoll  
*Foto: Magnar Egil Øen Gangsø*



Alle dei nemnde tilbod skal utviklast i tett samarbeid med lokale aktørar, og for nokre av dei vil det vere aktuelt å leige inn profesjonelle firma i utforminga.

## OPPLEVINGSTILBOD MED GUIDE/FORMIDLAR

I følgje destinasjonsselskapa er det eit behov å etablere eit guideutdanningssystem. Det betyr at guidar kan besøkje eit kurs å få ei geopark-sertifisering (autorisert geopark-guide). Mange Geoparkar har guidar eller rangers som kan bookast for ulike formidlingsprogram. I HAFS kan dette vere eit interessant konsept så lenge det ikkje finst større reiselivsfirma som tilbyr guiding. Sognefjorden Kystpark har guiding også på sin agenda og er i gong med å lage ein manual om regionen.

Når det gjeld geologiformidling, blir det tilrådd at Geopark-tilsette eller guidar med geovitskapleg bakgrunn overtar slike oppdrag, spesielt viss publikum er studentar eller personar med geologisk førkunnskap. Geologi-formidling krev solid fagkunnskap, god trening i å snakke forståeleg og finne gode metaforar.

Ein viktig måte å guide på vil vere på sjøen. Det kan vere med kayak, båt, på ferja, ekspressbåten osv. Frå sjøen ser ein landskapet på ein heilt annan måte, enkelte lokalitetar er berre å sjå frå båt. Ferjene og ekspressbåtane vil vere viktige plattformer for Geoparken si formidling.

For skular (barnehage, barne- og ungdomsskule) skal Geoparken utarbeide ulike formidlingstilbod, helst i samarbeid med Friluftsrådet og andre institusjonar som er interessert i skuleformidling. Målet er at elevane blir kjent med sin natur- og kulturarv men også med dagens bruk av naturressursar (landbruk, skogsdrift, havbruk, fiskeri, energiproduksjon osv.). Her vil det vere interessant å samarbeide med ulike næringsbransjar som på denne måten får ein plattform for å vise elevane korleis dei jobbar. Dette vil igjen ha positiv verknad for framtidig rekruttering. Når det gjeld vidaregåande skular (Dale, UWC), kan det vere interessant å bygge opp eit særskilt geologiprogram med ekskursionar og prosjektarbeid. Geoparkens geolog bør vere ein viktig ressurs for desse skulane.

## ARRANGEMENT

Ein tredje type oppleving er arrangement som anten Geoparken sjølv organiserer (med hjelp av ulike lokale aktørar) eller hjelper til å få organisert. For det første kan eksisterande arrangement evt. utvidast til heile Geoparken (teaterfestivalen, Dalsfjordveka, lysfestivalen, geologiens dag, kulturminnedagane osv.), for det andre bør eksisterande arrangement støttast og evt. oppgraderast, og for det tredje kan nye tilbod vere aktuelle (t.d. maraton, diktarnetter osv.).

Plakat for Geoparkfestivalen i den danske Geoparken Odsherred.  
[geoparkodsherred.dk/geopark-festival-2019](http://geoparkodsherred.dk/geopark-festival-2019)







## SAMFUNNS- OG NÆRINGSUTVIKLING

UNESCO Globale Geoparkar skal bidra til berekraftig utvikling i lokalsamfunnet og inngå partnerskapsavtaler med samarbeidsaktørar. Når det gjeld næringsutvikling så blir det forventa at Geoparkar bidrar til berekraftig geoturisme. Geoturisme er definert som:

*«Turisme som ifølge National Geographic Societys definisjon «ivaretar, forsterker og fremhever et steds lokale egenart – miljø, kultur, estetikk, kulturarv – og som kommer lokalsamfunnet til gode. Innovasjon Norge har forpliktet seg til å basere norsk reiselivsvirksomhet på geoturisme.»<sup>22</sup>*

I motsetning til Geoparkar samarbeider Regionalparkar og Biosfæreområde også med andre næringsbransjar og har generell berekraftig næringsutvikling på sin agenda. Viss HAFS-Geoparken skal vere både Geopark og Regionalpark, så vil det vere aktuelt å ikkje berre konsentrere seg om berekraftig reiseliv men også samarbeide med andre bransjar som parken har felles interesser med. I forprosjektet var målet å undersøkje kva type samarbeid/forum som kan vere aktuell for ein HAFS-Geopark.

### PARTNARSKAP

Alle parkar opprettar eit nettverk med partnerar (bedriftar, lag, organisasjonar, institusjonar osv.) som er basert på partnerskapsavtalar. Partnerane forpliktar seg til parkens verdiar og får i retur at dei kan bruke Geoparken sitt varemerke i si marknadsføring, at parken marknadsfører partnerane gjennom sine kanalar og at dei kan delta i forum og prosjekt som parken gjennomfører.

Sognefjorden Kystpark har allereie laga ein partnerskapsavtale<sup>23</sup> og har inngått partnerskap med om lag 35 aktørar. Partnerskapsavtalen består av ein generell del som partnerane kan signere utan at det kostar (men alle må betale medlemskontingent). Så kan dei i tillegg inngå ein individuell utforma tilleggsavtale t.d. for å samarbeide om eit prosjekt, og må då forplikta seg økonomisk.

### GEOPARK-VAREMERKE OG PRODUKTUTVIKLING

Geoparken må utvikle eit varemerke som partnerane kan bruke i si marknadsføring. Varemerket kan også brukast for å kjenneteikne produkt (mat, handverksprodukt, opplevingar osv.) som oppfyller visse kriteria.

Det finst eit UNESCO Geopark-prosjekt med namnet «Geofood» som har utvikla eit eige varemerke for lokalmat og restaurantar<sup>24</sup>. Alle UNESCO Geoparkar som er med i programmet kan dele ut varemerket til sine partnerar som oppfyller kriteria. Konseptet bak Geofood er slik:



<sup>22</sup> Store norske leksikon: [snl.no/geoturisme](https://snl.no/geoturisme). Innovasjon Norge har forplikta seg til å basere norsk reiselivsvirksomhet på geoturisme.

<sup>23</sup> [Partnerskapsavtale-med-Sognefjorden-Kystpark.pdf](#)

<sup>24</sup> [geofood.no](https://geofood.no)



*«The GEOfood idea is coming from the connection between the geological heritage and the raw materials growing from special kind of soils. The geological processes define the soil composition. Geoparks are territories with outstanding geological heritage. Developing connection between food and geological heritage in Geoparks is the main idea. The GEOfood criteria define this connection.»*

For ein HAFS-Geopark kan det vere ein god ide å kople seg opp til Geofood-prosjektet når det gjeld utvikling av lokalmat. For å delta i Geofood-prosjektet må Geoparken ha UNESCO-status. I løpet av hovudprosjektet kan Geoparken førebu dei nødvendige skritt for å kunne delta i prosjektet så snart UNESCO-godkjenninga er på plass. Dette vil bety å kontakte ulike matprodusentar og restaurantar i Geoparkens område for å kartlegge interessa for å delta i prosjektet. Magma-Geopark i Egersund leiar Geofood-prosjektet og kan gje rettleiing undervegs.

## FORUM

På studieturen 2018 til Sveits og Italia besøkte HAFS-Regionråd m.a. modellregionen Entlebuch i Sveits som har status som UNESCO Biosfæreområde<sup>25</sup>. Biosfære Entlebuch jobbar målretta mot ulike bransjar og har etablert 5 «samarbeidsforum» for kunnskapsformidling, energi, skog/trevirke, landbruk og reiseliv. Desse forum er satt saman av aktørar innan bransjen og har som mål at bransjen utviklar seg berekraftig, hevar kvaliteten på tilboda og forbetrar inntektsmoglegheitene. Parken si oppgåve er å hjelpe og støtte forumet men drivkrafta må komme frå aktørane sjølve. I forprosjektet identifiserte prosjektgruppa 6 moglege forum som kan vere interessante for HAFS-regionen:

### 1) Reiseliv

Vekst i reiselivet (geoturisme) er eit av hovudmåla til Geoparkar og må vere ein av dei viktigaste satsingane i ein HAFS-Geopark. Som nemnt før vart det i forprosjektet gjennomført eit møte med destinasjonsselskapa Visit Fjordkysten og Sunnfjord Utvikling som førte til ein heil rekke idear for korleis Geoparken kan bidra til slik vekst. Alle tiltak som er beskrivne i førre kapittel om formidling har også som mål å gje reiselivet eit betydeleg løft. Samarbeidsmåten innan reiselivet vil først og fremst bety ein tett dialog med Visit Fjordkysten og Sunnfjord Utvikling (regelmessige møte, felles prosjektarbeid). Med andre aktørar som kommunane og reiselivsaktørane, vil ein samarbeide etter behov avhengig av kva type prosjekt det dreier seg om. Vidare er det når som helst mogleg for Geopark-partnarar innan reiselivet å fremje forslag og idear for nye prosjekt eller tiltak.

### 2) Friluftsliv

Geoparken sin hovudarena er landskapet, og det er eit viktig mål at publikum (turistar og lokalbefolkning) utforskar parken ute i det fri. Som skissert i førre kapittel om formidling skal Geoparken (i samarbeid med Friluftsrådet) leggje til rette for at folk kan bevege seg i naturen på ein trygg måte og at så mange som mogleg brukar naturen som ein ressurs i fritida si. Eit anna aktuelt tema innan friluftsliv vil vere strandrydding og andre tiltak for å halde naturen rein.

Eit «friluftslivsforum» vil bestå av Geoparken, Friluftsrådet, kommunane, lokale turlag for både barn og vaksne, andre lag som vedlikeheld turstiane osv.

<sup>25</sup> <https://www.biosphaere.ch>

### 3) Kultur og kulturformidling

Sognefjorden Kystpark har allereie starta med å etablere eit slikt forum som består av kulturkonsulentane i dei ulike kommunane og kulturaktørar som Gulatinget, Jensbua, Jakob Sande-Senteret, Norsk Kvernsteinsenter osv. I møta som har vore vart det identifisert to fokusområde:

-Lære av kvarandre: Bli kjent med deltakarane og deira måtar å jobbe på.

-Tilby felles kulturformidling: Fleire kulturaktørar ønskjer å få besøk av skular for å formidle om sine temafelt.

Dette er vanskeleg å få til pga. transportkostnader. I fellesskap vil det kanskje vere mogleg å få til ei ordning via eit samarbeid med t.d. Den Kulturelle Skulesekken.

Dette har ein ikkje jobba med vidare i forprosjektet.

### 4) Landbruk / landskapsskjøtsel

Måndag, 27. mai 2019, inviterte vi i Geopark-forprosjektet til møte om landbruk og skjøtsel av kulturlandskap. Formålet med møtet var å diskutere:

- Korleis kan ein park bidra til å heve kvalitet, tilbod og inntektsmoglegheiter innanfor landbruks- og saueneringa?
- Korleis kan parken bidra til å ivareta landskapet?
- Korleis kan eit landbruksforum vere organisert? Kven bør vere med? Kva saker og tema vil vere aktuelle?

Deltakarane:           Hallvard Oppedal, ordførar i Gulen  
                               Ole André Klausen, ordførar i Askvoll  
                               Kjartan Nyhamar, landbruksansvarleg i Solund og Nordhordland  
                               Astrid Sandvik, Gulen (tidl. landbruksrådgjevar)  
                               Geir Grytøyra, jordbrukssjef Fjaler og Askvoll  
                               Per Arne Tveit, sekretær i HAFS Regionråd og medlem av prosjektgruppa  
                               Trude J. Søylen, styreleiar i Sognefjorden Kystpark og medlem av prosjektgruppa

Forfall:                 Hilde Buer, forfattar og villsaubonde på Værlandet  
                               Ole Ivar Åm Sognnes, nestleiar i Sogn og Fjordane bondelag, bonde i Hyllestad  
                               SolundMat

Konklusjonane i møtet var at eit Geopark-forum kan jobbe med:

- Differensiering av landbruksproduksjonen i vårt område i den forstand at vi også tek vare på deltidsbruka og eit visst produksjonsmangfald på det einskilde bruk. Det manglar ein organisasjon for hobby- og deltidsbønder. Eit landbruksforum kan spissast mot dei som driv smått, men som er opptatt av å ta vare på garden sin og landskapet. Nedlagte bruk er og ei viktig målgruppe. Forumet kan stimulere deltidsbøndene til å busette seg.
- Hjelp med å få fram gode idear for kva ein kan jobbe med på små bruk, t.d. opplevingar retta mot skular, grøen omsorg, gardsturisme
- Finne gode tiltak for å utnytte utmarksressursane, og gjennom dette vedlikehald og skjøtsel av kulturlandskapet
- Miljøbygging i næringa, og mellom næringa og det einskilde lokalsamfunn
- Nisjeproduksjon og vidareforedling av lokale produkt, produksjon og profilering av lokal mat frå geoparken

Formålet med forumet vil vere auka utnytting av utmarksbeite, gjere næringa meir lønsam og syte for at landskapet ikkje gror att.

Alle deltakarane var einige i at eit slikt forum kan vere nyttig og var interessert i eit nytt møte for å følgje opp diskusjonen. Som nemnt før er Sognefjorden Kystpark allereie i gong med eit prosjekt for modern landskapskjøtsel og villsaudrift som skal bidra til berekraftig samfunns- og næringsutvikling.

## 5) Marint forum

Havet som ressurs har vore viktig heilt sidan dei første menneska busette seg langs kysten. For ein Geopark vil det vere naturleg å ta opp dette temaet og søkje samarbeid med aktørar som satsar på berekraftig utvikling av næringa. I eit møte 27. mars 2019 med Akvahub<sup>25</sup> vart det uttrykt stor interesse for eit Geopark-samarbeid. Geoparken kan t.d.

- Lage utstillingar om havbruk/fiskeri
- Lage skuleprogram der skulane besøker ein fiskerbåt, eit oppdrettsanlegg osv.
- Tilby opplevingar for ulike målgrupper for å bli kjent med marin næring og deira utfordringar
- Fremje tiltak som bidrar til auka berekraft innan bransjen

Havbruksnæringa kan dessutan vere aktuell som sponsor.

## 6) Energiforum

I følgje UNESCO skal Geoparkar formidle om klimaendring og berekraftig bruk av naturressursar. Produksjon og bruk av energi er derfor eit tema som Geoparkar generelt bør vere opptatt av og informere om. I ein HAFS-Geopark vil det vere naturleg å kople tema energi til vasskraft men også til oljeproduksjon, spesielt viss Geoparken skal omfatte kontinentalsokkelen. I samarbeid med BKK og andre aktørar som er relatert til næringa kunne Geoparken t.d.

- Lage utstillingar om energiproduksjon og -bruk
- Lage skuleopplegg der skulane kan besøkje eit vasskraftverk

Energibransjen kan også vere aktuell som sponsor. Det har ikkje vore kontakt med bransjen i løpet av forprosjektet.

## NASJONALE OG INTERNASJONALE GEOPARK-PROSJEKT

Det blir forventa av UNESCO Geoparkar at dei deltar i nasjonalt og internasjonalt samarbeid med andre Geoparkar. Dette betyr å delta regelmessig ved europeiske og globale Geoparkmøte (2 – 3 møte per år der 2 personar bør delta) og samarbeide med andre Geoparkar i ulike prosjekt (som t.d. Geofood-prosjektet). Slike typar prosjekt er interessante og viktige for å utveksle kunnskap med andre Geoparkar i inn- og utlandet. Samtidig er spesielt internasjonale prosjekt krevjande fordi ein må forhalde seg til mykje byråkrati, og ein ofte ikkje får utbetalt tilskotsmidlane før lenge etter at prosjektet er avslutta.

<sup>25</sup> Akvahub driv med forskning og utvikling for verksemder med tilknytning til havbruksnæringa og er stasjonert i Bergen og Hyllestad. Avdelinga er eigd av ulike firma i HAFS som driv med havbruk eller samarbeidar med næringa. [akvahub.no](http://akvahub.no)





## Vegen vidare:

### **OVERGANGSÅR 2020 OG HOVUDPROSJEKT «FJORDKYSTEN UNESCO GLOBAL GEOPARK» (ARBEIDSTITTEL) 2021 - 2023**

UNESCO Geoparken i HAFS-regionen skal byggjast på Regionalparken Sognefjorden Kystpark. Dermed vil «vår» park vere den første i Noreg som er både Regionalpark og Geopark. Trass i at begge parkkonsept har mykje til felles, så er dei likevel forankra i to ulike tradisjonar. Regionalparkane i Noreg er basert på botn-opp-prinsippet, og lokal identitet og mobilisering av einskildmedlemmar spelar ei viktig rolle. Fundamentet for ein UNESCO Global Geopark er den internasjonale betydingfulle geologien, og organisasjonen må stille seg til UNESCO sine retningslinjer og føringar. Mens Regionalparkane har mykje fridom til å definere seg sjølv, må UNESCO Geoparkar i større grad handle etter UNESCO sine forventningar.

For at Sognefjorden Kystpark kan bli UNESCO Geopark må som første skritt vedtektene og handlingsplanen tilpassast slik at dei oppfyller alle krav til ein Regional- og ein (UNESCO) Geopark. Den nye parken vil vere medlem i Norske Parkar og etter kvart delta i det norske og internasjonale geoparknettverket. For at denne «samansmeltingsprosessen» skjer på ein god måte, må både Norske Parkar og «Norsk komité for geoparkar og geoarv» vere involvert. Tidsramme for dette arbeidet er våren 2020. Ein suksessfull samansmelting er føresetnad for etablering av ein UNESCO Geopark.

Parallelt med denne prosessen skal det i 2020 førebuast i detalj eit 3-årig hovudprosjekt. Statusen som ein UNESCO Global Geopark vert tildelt etter søknad frå ein park som har etablert drift og langsiktig finansiering. Gjennom hovudprosjektfasen må ein etablere eit driftsnivå som tilfredsstillar krava for ei godkjenning. I hovudprosjektet skal alle viktige tiltak som er skissert i rapporten (besøkscenter, episentra, geolokalitetar, opplevingsprodukt, formidlingstilbod, forumsarbeid osv.) realiserast så langt som mogleg slik at Geoparken er i drift i det siste året til hovudprosjektet.

#### **Tidsplan og tiltak for etablering av ein UNESCO Global Geopark i HAFS**

2020:

Samansmelting Sognefjorden Kystpark og Geoparkprosjektet

- Tilpassing vedtekter til Sognefjorden Kystpark
- Definere visjon, strategi- og handlingsplan
- Finne namn til Geoparken og jobbe med profil

Førebuing hovudprosjekt

- Skrive finansieringssøknader
- Lage ferdig oversikt over geologiske og ikkje-geologiske lokalitetar (synfaring, database, publikasjon)
- Folkemøte i alle kommunar for å informere og få innspel på plassering av episentra, infopunkt, besøksstader, løyper, forum.
- Utarbeide designkonsept for episentra, ikonane, skilting og idear for opplevingsprodukt.
- Avklare forvaltingssete og besøkscenter

2021 – 2023

3-årig hovudprosjekt

2021:

- Sende søknad for å bli Norsk Geopark (svar kjem seinare same året)
- Utvikle besøkscenter, episentra, ikonane, osv. (tilbod i landskapet)
- Utvikle skuleprogram og guideopplæring
- Forumsarbeid med ulike bransjar



2022:

- Offisiell opning av Geoparken i HAFS
- Framhald hovudprosjekt

2023:

- Skrive søknad til UNESCO (innsendingsfrist 30.11. kvart år)
- Framhald og avslutting hovudprosjekt

2024 og vidare: Geoparken er i vanleg drift

2025: Evaluering gjennom UNESCO

2026: Godkjenning som UNESCO Global Geopark

## Budsjett/finansieringsplan for ein UNESCO Global Geopark i HAFS-området 2020 - 2024

Budsjett og finansieringsplan er sett opp for overgangsåret 2020, eit 3-årig hovudprosjekt og første driftsåret i 2024

	Overgangsåår	HP 1. år	HP 2. år	HP 3. år	Driftsår
	2020	2021	2022	2023	2024
Utgifter					
Løn + sosiale utgifter*	625 000	775 000	1 300 000	2 000 000	2 000 000
Kontor- og adm.utgifter: Kontorleige, rekneskap, utstyr, straum osv.	100 000	350 000	475 000	525 000	525 000
Marknadsføring/kommunikasjon**	300 000	100 000	100 000	100 000	100 000
Reiseverksemd		80 000	80 000	150 000	150 000
Utvikling Geopark/vedlikehald: Infostasjonar, utstillingar, løyper, formidling, forum	470 000	1 150 000	1 150 000	1 650 000	245 000
Prosjektarbeid i tillegg til hovudprosjekt*** 2020: Landskapsprosjekt	190 000				480 000
<b>Totalt</b>	<b>1 685 000</b>	<b>2 455 000</b>	<b>3 105 000</b>	<b>4 425 000</b>	<b>3 500 000</b>

\*Det er rekna med løn og sosiale utgifter til ein heil stilling i 2020/21, 2 stillingar i 2022 og 3 stillingar frå 2023

\*\*I 2020 får Sognefjorden Kystpark 300 000,- frå Norske Parkar til å bygge profil/webseite osv.

\*\*\*Prosjekt som ikkje er relatert til hovudprosjektet.

Finansiering					
Kommunane*	700 000	700 000	1 050 000	1 400 000	1 400 000
Vestland fylkeskommune	500 000	500 000	500 000	500 000	500 000
Norske Parkar støtte landskapsprosjekt	190 000				
Norske Parkar støtte til infoplattform	300 000	25 000			
Statleg støtte**		500 000	500 000	1 000 000	1 000 000
Medlemsavgift og sponsorinntekter		100 000	200 000	200 000	250 000
Salsinntekter (guiding)					100 000
Prosjektfinansiering***		630 000	855 000	1 325 000	250 000
<b>Totalt</b>	<b>1 690 000</b>	<b>2 455 000</b>	<b>3 105 000</b>	<b>4 425 000</b>	<b>3 500 000</b>

\* Tilskot frå Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund, Sunnfjord, Høyanger og Gulen med opptrapping i prosjektperioden.

Det må lagast ein gjensidig forpliktande finansieringsavtale mellom kommunane

\*\*Statleg støtte til parkdrift formidla gjennom Norske Parkar eller direkte

\*\*\*Inntekter til utviklingsprosjekt innan hovudprosjektet og som delvis finansierer t.d. lønsutgifter

## VEDLEGG 1

### **Anbefaling av prof. Haakon Fossen (UiB) for å ta med dei vestlege delane i Høyanger kommune**

Høyangerdelen er viktig å ha med i geoparken fordi den representerer den underste delen, grunnfjellsdelen, av det geologiske bildet som geoparken bør dekke. Langs Sognefjorden både øst og vest for Lavik ser vi grunnfjellet godt representert. Grunnfjellet langs denne strekningen viser en generelt økende grad av Kaledonsk påvirkning mot vest. Det betyr at de gamle strukturene i grunnfjellet blir stadig mer presset og utvalset mot vest, noe som fortsetter inn i Hyllestad og skifrene som ligger oppå grunnfjellet og under Lihestens devonske konglomerater. Tilsammen danner profilet fra Høyanger til Solund et komplett profil fra midtre del av jordskorpen tilhørende det Norske grunnfjellet til den sentrale kollisjonssonen relatert til kontinent-kontinent kollisjonen mellom Grønland og Norge for litt over 400 millioner år siden. Det krever mer enn ett avsnitt for å forklare dette på en populær måte, men Høyanger bidrar med selve "bunnen" av hele geoparken i geologisk forstand, og er viktig å ha med.

6.9.2019



---

## Notat

Til: HAFS Regionråd  
Att: Per Arne Tveit  
Frå: Hanne Katrine Mundal og Gunnar Bøyum  
Saksansvarleg advokat: Gunnar Bøyum  
Dato: 20. juni 2019

---

## UNESCO Global Geopark i HAFS - val av organisasjonsform

### 1 Innleiing

Det visast til prosjektnotat av 30. april 2019 utarbeida av HAFS Regionråd v/Per Arne Tveit, samt møte gjennomført den 12. juni 2019.

HAFS Regionråd etablerte i februar 2018 ei arbeidsgruppe for å avklare om det skal satsast på etablering av ein geopark som kan bli ein UNESCO Global Geopark. Arbeidet er no kome til det stadium at rådmennene i dei involverte kommunane må vurdere val av organisasjonsform for ein framtidig geopark. I denne samanheng er det etterspurt organisasjonsmessige og juridiske råd frå PwC.

I dette notatet blir det gjort ei kort utgreiing i høve ulike aktuelle organisasjonsformer. Notatet er utforma for å kunne nyttast som eit kort diskusjonsgrunnlag for rådmennene som skal ta endeleg stilling til organisasjonsform for geoparken. Vedlagt følgjer også ei skjematisk oversikt der vi har framheva ulike forhold for dei aktuelle organisasjonsformene.

### 2 Aktuelle organisasjonsformer

Det er i ovanfor nemnde notat av 30. april 2019 bede om at det blir gjort ei vurdering i høve følgjande organisasjonsformer;

- interkommunalt selskap
- stifting
- aksjeselskap
- organisasjon/klynge (paraply over sjølvstendige organisasjonar og kommunar) registrert med eige org.nr. i Brønnøysundregistrene
- medlemsstyrt lag

Ein klyngeorganisasjon er normalt organisert som eit medlemsstyrt lag/foreining eller som eit aksjeselskap, og for dette alternativet visast det difor til det som er sagt om desse organisasjonsformene i punkt 2.3 og 2.4 nedanfor.

Nedanfor i punkt 2.1 - 2.4 omtalar vi kort dei aktuelle organisasjonsformene og sentrale faktorar ved desse. Deretter vil vi i punkt 3 og 4 kort peike på forhold knytta til offentlege innkjøp, statsstøtte, skatt og avgift som det er viktig å ta omsyn til, før vi avslutningsvis i punkt 5 oppsummerer vår vurdering.

### 2.1 Interkommunalt selskap

Interkommunale selskap (IKS) er regulert av lov 29. januar 1999 nr. 6 (IKS-lova). Eit IKS kan berre eigast av kommunar, fylkeskommunar og andre interkommunale selskap. Eigarane i eit IKS har samla uavgrensa ansvar for skyldnadane til selskapet.

Eit interkommunalt selskap er eit eige rettssubjekt. Dette medfører at selskapet er part i avtaler med private og offentlege instansar. Selskapet vil også ha partsevne om det skulle vere involvert i rettssaker eller forvaltningssaker.

Det er selskapsavtalen som er det rettslege grunnlaget for samarbeidet mellom kommunane etter IKS-lova. Kommunane utøver eigarskapen sin, og dermed eigarstyringa, gjennom representantskapet. Representantskapet er det øvste organet i eit interkommunalt selskap og skal ha minst ein representant frå kvar kommune. Representantane blir oppnemnde av dei respektive kommunestyra. Det enkelte kommunestyre har instruksjonsrett overfor sine egne medlemmar i representantskapet. Representantskapet veljer selskapets styre, og styret har saman med dagleg leiar ansvaret for forvaltninga av selskapet.

Eit IKS vil ha avgrensa moglegheiter til å ta opp lån. Selskapet har ikkje større moglegheit til å ta opp lån enn det deltakarane i selskapet har, jf. kommunelova §§ 50 og 52.

Av omsyn til regelverket knytta til eigarskap i eit IKS, vil val av denne selskapsforma utelukke privat eigarskap i geoparken. Dette kan vere uheldig av omsyn til ynskja samarbeid. Samtidig vil vi understreke at dersom geoparken først blir organisert som eit IKS, kan dette på eit seinare tidspunkt omdannast til eit aksjeselskap når/dersom det blir aktuelt med privat eigarskap.

### 2.2 Stifting

Stiftelseslova regulerer rettar og plikter for alminnelege og næringsdrivande stiftingar. Ei stifting er ein formuesverdi som ved ein rettsleg disposisjon blir stilt til rådighet for eit bestemt føremål. Ei stifting er sjølv eigande og har ingen eksterne eigarar eller medlemmar.

Stifting som organisasjonsform vil vere hensiktsmessig dersom ein har eit langsiktig perspektiv og ei føreseieleg utvikling. Stiftingar er i stor grad statiske - reglane for endringar er strenge, og eventuelle endringar må godkjennast av Stiftelsestilsynet.

Av omsyn til at utviklinga av geoparken - dens innhald, utbreiing og omfang - er dels uavklart, samt at parken truleg i noko grad vil vere i kontinuerlig utvikling, vurderer vi stifting som ei lite eigna organisasjonsform.

### 2.3 Aksjeselskap

Aksjeselskap er regulert av lov 13. juni 1997 nr. 44 (aksjelova). Denne organisasjonsforma er i utgangspunktet mynta på private aktørar og er utvikla for verksemder med økonomisk føremål. Det er likevel ingenting i vegen for at også kommunar kan organisere sine interesser gjennom eit aksjeselskap.

Eit aksjeselskap er eit eige rettssubjekt med egne rettar og plikter. Aksjeeigarane heftar ikkje for selskapets plikter. Dette medfører at aksjeselskapet sine kreditorar berre kan rette sine krav mot selskapet, og at aksjeeigarane ikkje kan gjerast ansvarlege for meir enn aksjeinnskotet (med mindre det er gjeve særskilte garantiar).

Aksjelova inneheld detaljerte reglar om stifting av selskapet, selskapskapitalen og utbytte, aksjeovergang, generalforsamlinga, selskapets leiging og forvaltning, kapitalendringar, opphøyr osv.



Eit aksjeselskap skal til ei kvar tid ha ein eigenkapital som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet, jf. aksjelova § 3-4. Det er styret i selskapet som har ansvaret for forvaltninga av selskapet, og at verksemda er forsvarleg organisert, jf. aksjelova § 6-1. Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planar og budsjett for verksemda. Vidare må styret halde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og pliktar å syte for at verksemda, rekneskapet og formuesforvaltninga er underlagt tilfredsstillande kontroll.

Kommunar kan vere aksjonær i eit aksjeselskap åleine, saman med andre kommunar, saman med andre offentlege rettssubjekt, og saman private aktørar.

Organisering av geoparken i eit aksjeselskap medfører i utgangspunktet at den demokratiske (kommunale) styringa og kontroll skjer indirekte gjennom generalforsamlinga og oppnemning av styrerepresentantar. Kommunane vil likevel ha god styring på verksemda i eit aksjeselskap så lenge dei har eit fleirtal av aksjane (stemmer og kapital) i selskapet. Dersom kommunane ikkje har slikt fleirtal, kan styringsretten oppretthaldast ved særskilt vedtektsregulering og ved bruk av aksjonæravtale.

Det at aksjeselskap er ei godt kjent og gjennomregulert selskapsform, gjev føreseielegheit og tryggleik både for eigarar og for dei som samhandlar med selskapet. Selskapsforma er vidare meir fleksibel enn til dømes ei stifting, og kan i større grad tilpassast geoparkens utvikling i framtida. Samtidig er aksjeselskapsforma meir formell enn det som gjeld for ei foreining. Til dømes vil det vere ein meir krevjande prosess for ein eigar å tre inn og ut av eit aksjeselskap enn det vil vere for ein medlem av ei foreining å melde seg inn og ut.

Organisering som aksjeselskap kan vere aktuelt dersom ein går inn for å opprette ein klyngeorganisasjon. PEAK Sunnfjord er eksempel på ein klyngeorganisasjon organisert som eit AS. Den vanlegaste organisasjonsmodellen for klynger er imidlertid foreiningar, jf. punkt 2.4.

Ei samanslåing med Sognefjorden Kystpark vil vere mogeleg å få til dersom parken blir organisert som eit aksjeselskap. Men ei samanslåing kan bli noko utfordrande dersom det på sikt blir opparbeida verdiar i aksjeselskapet. Dette kan gje utfordringar i tilknytning til fastsetting av eigarskap i ein samanslått organisasjon.

#### 2.4 Medlemsstyrt lag/foreining

Eit medlemsstyrt lag/foreining er ein sjølvvegande organisasjon med medlemmar som skal fremje eit konkret føremål. Rettsforholdet til foreiningar er ikkje regulert i ei eiga lov - aktiviteten i den enkelte foreining er i stor grad avgjerande for kva lovverk denne må halde seg til. Foreininga sine vedtekter setter rammene for organiseringa.

Ei foreining må ha minst to medlemmar. Medlemmane deltar i dei avgjerder som blir tatt, men er ikkje eigarar av foreininga si formue. Overskot, gjeld eller formue kan som utgangspunkt ikkje delast ut til medlemmane. Ved oppløysing skal attståande verdiar disponerast i tråd med det som er bestemt i vedtektene - normalt ved utdeling til eit tilsvarande føremål som foreininga har hatt.

Årsmøtet er foreininga sitt øvste organ. Alle medlemmar har møte-, tale- og stemmerett. Årsmøtet kan delegera avgjerdsmyndigheit til styret. Ei foreining kan også ha dagleg leiar, samt eventuelt andre tilsette.

Fordelen med organisering som ei foreining er mellom anna at det er ei fleksibel organisasjonsform der det i stor utstrekning kan gjerast endringar utan at dette utløyser særlege formelle krav og prosessar. Samtidig kan foreiningsmodellen framstå som utdeleg for dei ein samhandlar med, noko som kan vere uheldig til dømes ved inngåing av forpliktande avtaler. Vidare vil organisering som ei foreining stille strenge krav til dei involverte i styre/leiing når det kjem til innarbeiding av gode rutiner og intern organisering, noko som vil vere avgjerande for at foreininga skal kunne vere ein godt fungerande organisasjon. Motsetningsvis vil ein ved organisering som eit aksjeselskap ha formelle rammer og omfattande reguleringar som i større grad "framtvingar" rutiner og organisering.

Ved foreiningsorganisering må den aktuelle verksemda/føremålet til foreininga definerast på ein presis måte i vedtektene. Det visast til at det i noko utstrekning kan vere nødvendig med godkjenning frå Stiftingestilsynet ved endringar, jf. stiftelseslova § 55.

Foreiningsmodellen er den vanlegaste ved klyngeorganisering.

Sognefjorden Kystpark er organisert som eit medlemsstyrt lag/foreining. Dersom også geoparken blir organisert som ei foreining, vil ein framtidig samanslåingsprosess vere forholdsvis ukomplisert.

### **3 Offentlege innkjøp og statsstøtte**

#### **3.1 Offentlege innkjøp**

Lova om offentlege innkjøp gjeld i utgangspunktet for statlege, kommunale og fylkeskommunale myndigheiter og offentlegrettslege organ. Eit aksjeselskap vil derfor som hovudregel ikkje være omfatta av reglane. Det følgjer likevel av lova at den gjeld for rettssubjekt, til dømes eit IKS eller eit AS, dersom dette er nært knytta til kommunale eller fylkeskommunale myndigheiter. Nært tilknytta selskap vil vere selskap som hovudsakleg er finansiert av kommunen, kontrollert av kommunen eller som har eit administrasjons-, leiings- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmane er oppnemnt av kommunen.

Med "finansiert" i denne samanheng må det sjåast til både den eigenkapital som kommunen har gått inn med i selskapet (og som gjerne reflekterer eigarskapet i selskapet), og eventuelle andre finansielle bidrag til selskapet. Det er på det reine at eit IKS er nært knytta til kommunane, og det same gjeld eit AS når det er kommunane som eig/finansierer selskapet.

Dersom geoparken skal eigast/finansierast av dei aktuelle kommunane/fylkeskommunen/staten, vil reglane om offentlege innkjøp gjelde uavhengig av om parken blir etablert som eit interkommunalt selskap eller som eit aksjeselskap. Regelverket kan også bli aktualisert ved organisering som stifting eller foreining.

#### **3.2 Statsstøtte**

Reglane om statsstøtte skal hindre at offentlig støtte fører til at nokon får fordelar som andre ikkje får - sikre at den frie konkurransen er reell.

Vi har ikkje gjort ei konkret vurdering av problemstillingane knytta til statsstøtte, då dette vil avhenge av mellom anna kva støtte geoparken eventuelt blir tildelt og korleis parken blir organisert. Generelt kan det imidlertid nemnast at dersom det blir konstatert støtteelement, er utgangspunktet at støtta må notifiserast (det vil seie førehandsmeldast) til ESA. Støttetiltak kan ikkje settast i verk før ESA har godkjent tiltaket.

Det er gjort ei rekke unntak både frå forbodet mot støtte og frå notifiseringsplikta. Eit av desse unntaka er det såkalla alminnelege gruppeunntaket. Støtte som omfattast av det alminnelege gruppeunntaket skal meldast til ESA på eit forenkla skjema innan 20 dagar etter at tiltaket er sett i verk. I praksis skal meldinga sendast til Nærings- og fiskeridepartementet.

Om det blir identifisert støtteelement i relasjon til geoparken, må det altså undersøkast om eventuelle tiltak er omfatta av det alminnelege gruppeunntaket. Dette unntaket inneheld ei liste over visse tiltak som blir rekna som støtte som er lovleg etter EØS-avtalen. Det alminnelege gruppefritaket inneheld støtte til mellom anna følgjande formål:

- Regionale investeringar
- Investeringsstøtte til små og mellomstore bedrifter
- Forsking, utvikling og innovasjon
- Opplæring
- Miljøbeskyttelse
- Reparere og utbetre skader forårsaka av naturkatastrofer
- Kulturføremål
- Lokal infrastruktur

- Sysselsetting

Generelle vilkår for støtte er at støttegjevar viser til gruppeunntaket i heimelsgrunnlaget for tildelinga, at det er klart kor stort det faktiske støttebeløpet er og at informasjon om støtta blir publisert på internett. Det er vidare eit vilkår at støtta må ha ei insentiveffekt, det vil seie at aktiviteten eller prosjektet som blir støtta ikkje vil bli gjennomført utan offentleg støtte.

#### 4 Skatt og avgift

Ut frå det som er opplyst, legg vi til grunn at organisasjonen som skal opprettast ikkje kjem til å drive økonomisk verksemd, men at det vil vere ein organisasjon med eit ikkje-økonomisk føremål. Eventuelle inntekter skal ikkje delast ut som utbytte til eigarane, og eventuelle opptente midlar skal gå til å fremje føremålet.

Med dette som utgangspunkt, vil organisasjonen kunne reknast som ein ikkje-skattepliktig organisasjon, uavhengig organisasjonsform.

Det skal likevel kort kommenterast at både interkommunale selskap, aksjeselskap, stiftingar og foreiningar i utgangspunktet vil vere skattepliktige, jf. skattelova § 2-2. Unntak for skatteplikt følgjer av skattelova § 2-32 for selskap/foreiningar som ikkje har erverv som føremål. Sjølv om ein organisasjon er unntatt skatteplikt av den grunn at den ikkje har erverv som føremål, kan organisasjonen likevel bli avgrensa skattepliktig for ein eventuell særskilt økonomisk aktivitet som blir utført.

I praksis erfarer vi at det normalt er enklare for foreiningar og stiftingar å få gjennomslag for at dei ikkje har erverv som føremål, enn kva som er tilfelle for aksjeselskap og interkommunale selskap. Dette har samanheng med at foreiningar og stiftingar ikkje har høve til å nytte overskotet til anna enn det som går fram av vedtektene, medan noko anna kan vere tilfelle for aksjeselskap og også for interkommunale selskap.

Ein organisasjon som ikkje har erverv som føremål vil normalt heller ikkje drive meirverdiavgiftspliktig verksemd, og skal såleis ikkje registrere seg i mva-registeret. Organisasjonen vil likevel kunne bli mva-pliktig dersom den seljer varer og tenester som isolert sett gjev eit visst overskot over tid. Den generelle grensa for registreringsplikt i mva-registeret er omsetning over kr 50 000 innanfor ein 12-månadersperiode. For organisasjonar som ikkje har erverv som føremål, og som arbeider med å ivareta allmenntilgjenglege samfunnsinteresser, vil slik mva-registrering først vere aktuell ved sal av varer og tenester over kr 140 000 innanfor ein 12-månadersperiode.

#### 5 Val av organisasjonsform

Ved val av organisasjonsform for geoparken, vurderer vi det som eit sentralt moment at ein har fleksibilitet og moglegheit til tilpassing og utvikling av organisasjonen. Geopark-initiativet er i startfasen, og det er førebels uklart korleis den endelege organiseringa, omfanget og utbreiinga vil vere. Av denne grunn vurderer vi det som lite aktuelt å organisere parken som ei stifting.

Både aksjeselskap og foreining kan vere gode organisasjonsformer for geoparken. Eit aksjeselskap vil kunne ha både offentlege og private eigarar, og ei foreining vil kunne ha offentlege og private medlemmar. I begge organisasjonsformene kan det leggast til rette for ulike typar eigarskap/medlemsskap, og begge kan nyttast dersom ei klyngeorganisering blir vurdert som mest hensiktsmessig.

Organisering som eit IKS kan også vere ei godt alternativ i startfasen dersom det i første omgang berre vil vere aktuelt med offentlege eigarar. Men det er då viktig å vere merksam på at dette utelukkar privat eigarskap, slik at ein må vere førebudd på at det må gjerast ei omdanning til aksjeselskap på eit seinare tidspunkt dersom privat eigarskap viser seg å bli aktuelt.

Som nemnt ovanfor, vil organisering som ei foreining vere å føretrekke dersom ein skal legge avgjerande vekt på moglegheita for samanslåing med Sognefjorden Kystpark. Vi er imidlertid av den oppfatning at dette ikkje bør vere styrande for val av organisasjonsform. Ei

samanslåing vil vere mogeleg å få til også sjølv om andre organisasjonsformer blir valde.

Vår anbefaling, basert på dei opplysningane som på noverande tidspunkt ligg føre om geoparkens tenkte omfang og funksjon, er at parken blir organisert som eit aksjeselskap. Avgjerande for vår anbefaling er at aksjeselskapsforma er godt gjennomregulert og dermed tilrettelegg for god struktur og organisering. Selskapsforma er vidare fleksibel og kan nyttast ved klyngeorganisering. Samtidig er det i utgangspunktet ikkje noko i vegen for å starte geoparken som ei foreining dersom ein har eit ynskje om ei friare organisering som gjev større fleksibilitet. Men som nemnt vil dette stille strengare krav til oppfølging frå foreiningsleiinga.

Avslutningsvis nemner vi at det, av omsyn til at det på noverande tidspunkt er noko uklart korleis aktiviteten i organisasjonen vil vere i tida framover, er vanskeleg å gje ei eintydig tilråding. Avgjerande vil i stor grad vere korleis parken blir organisert innanfor organisasjonen, ikkje organisasjonsforma i seg sjølv.

Med venleg helsing  
Advokatfirmaet PricewaterhouseCoopers AS



Gunnar Bøyum  
Partner  
E-post: [gunnar.boyum@pwc.com](mailto:gunnar.boyum@pwc.com)  
T: +47 95 26 13 13



Hanne Katrine Mundal  
Fast advokat  
E-post: [hanne.mundal@pwc.com](mailto:hanne.mundal@pwc.com)  
T: +47 95 75 23 74



## VEDLEGG 3

